

Masteroppgåve

NTNU
Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for språk og litteratur

Jofrid Søyland

Av måneskinn gror det (ikkje) menneskesinn

Ein analyse av korleis *Av måneskinn gror det ingenting* kan bidra til empatiutvikling hjå vidaregåandeleva, og korleis dette kan bidra til å realisera ambisjonane i to av dei tverrfaglege temaene frå fagforsyninga i norskfaget

Masteroppgåve i lektor i nordisk

Veileder: Anders Skare Malvik

Desember 2020

Jofrid Søyland

Av måneskinn gror det (ikkje) menneskesinn

Ein analyse av korleis *Av måneskinn gror det ingenting* kan bidra til empatiutvikling hjå vidaregåandeelevar, og korleis dette kan bidra til å realisera ambisjonane i to av dei tverrfaglege temaa frå fagfornyinga i norskfaget

Masteroppgåve i lektor i nordisk
Veileder: Anders Skare Malvik
Desember 2020

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for språk og litteratur

Samandrag

I denne oppgåva tek eg føre meg korleis skjønnlitteratur som inngang til vanskelege tema kan bidra til empatiutvikling hjå elevar i vidaregåande skule, og kvifor det er viktig. Eg analyserer romanen *Av måneskinn gror det ingenting* og ser på korleis ulike aspekt ved romanen oppfordrar til empati hjå lesaren, og korleis dette kan realisera ambisjonane til to nye tverrfaglege tema i fagfornyinga. Dei teoretiske inngangane mine er delte i det skulespesifikke og det litteraturspesifikke, men fellesnemnaren er skjønnlitteratur, lesar og kjensler.

Analysen har tre hovuddelar, som samla sett gjev eit bilet av korleis *Av måneskinn gror det ingenting* kan gje elevar ein innlevande inngang til vanskelege tema som abort, einsemd og overgrep. Gjennom empatiutvikling og forestillingsevne har dette potensiale til å gjera dei til betre medborgarar og lyttarar, som meistrar livet meir. Den første delen tek føre seg korleis samspelet mellom den ytre rammeforteljinga og den mannlege forteljaren der, og den indre rammeforteljinga og den kvinnelege forteljaren der utgjer ein slags læringsituasjon av kjensler. Den andre delen tek føre seg korleis hovudkarakteren og situasjonen kan føra til karakteridentifisering og auka empati, og korleis dei kjensleframkallande verkemidla om kulta og måneskinet kan verka inn på lesaren. Den tredje delen tek føre seg nokre tematiske inngangar frå romanen til empati. I neste del drøftar eg kvifor det er så viktig med denne typen inngang i skulen, blant anna med tanke på kjensler som ei grunnleggjande ferdigheit. Her vil eg spesifikt sjå på romanen opp mot dei tverrfaglege temaa folkehelse og livsmeistring og demokrati og medborgarskap.

Avslutningsvis vil eg oppsummera hovudpunktene i oppgåva, og slik koma med eit tentativt svar på problemstillinga. Ein kort refleksjon om oppgåva sin relevans for lektoryrket vil koma sist.

Forord

Denne masteroppgåva har både greidd å gje meg den største meistringskjensla eg har opplevd, og den største mengda av det motsette. Det å fullføra dette prosjektet, er verkeleg ein draum i oppfylling, men samtidig ei stor vekt som vert løfta av skuldrene mine. Det har vore eit spesielt år, og eg kjem ikkje til å sakna redsla for om ein snufsen nase eller sår hals kjem til å sabotera alle studiepoenga mine. Eg har lært enormt mykje fagleg og personleg, og er skikkeleg stolt av å ha skrive alt dette.

Det har vore ei stor utfordring å fullføra, ettersom eg vanlegvis berre utset og utset. Dette siste halvåret har vore travelt, men enormt lærerikt. Masterinnhaldet i seg sjølv har vore ein slags barndomsdraum som går i oppfylling, i tillegg til vaksendraum, fordi eg alltid har elskat å lesa, og har vore interessert i korleis skjønnlitteratur og kjensler spelar på lag. Det er mykje som utgjer ei lektorutdanning, og mykje av det eg tek med meg vidare frå dette studiet, har eg lært av verv, kjekke folk og opplevelingar. Difor er det også fleire eg vil retta ein ekstra takk til, for at dette har gått bra:

Den største takken min vil eg retta til «maen» min, Rikard, for at han har passa så godt på meg og hatt trua (nesten) heile tida. Etter fjorten timer på lesesalen, har middag og sofa med pledd heime vore rett medisin. Mine to med-masterutsetjarar, Heidi og Cathrine, fortener også sin bit av kaka (og det har vorte mange kaker) for all oppmuntringa, klaginga, avslappinga og trøsteetinga me har gjort dei siste månadane. Eg vil takka mora mi og systera mi spesielt, og resten av familien og svigerfamilien, både to- og firbeinte, for å vera den beste heiagjengen. Ein ekstra takk til Helene, som har vore ei enorm støtte og hjelp i dette ukjende masterfarvatnet, og heile studietida. Eg set også pris på alle lykkeønske, heiarop og støttesnacks frå nære og kjære, de har alle vore til stor inspirasjon og hjelp! Til slutt vil eg takka rettleiaren min, Anders, for å halda ut med ein kronisk forsinka student, og for all rettleiinga som fekk meg i mål.

Innhaldsliste

1.0 Innleiing	1
1.1 Skjønnlitteraturen si rolle i norskfaget er oppe til debatt.....	2
2.0 Resepsjon	5
2.1 Avisresepsjon.....	5
2.2 Abortkamp og debatt – romanen i bruk.....	6
2.3 Morgenblad-debatt	7
2.4 Resepsjonsbøkene.....	7
3.0 Teori.....	10
3.1 Litteraturdidaktiske og skulerelaterte perspektiv.....	10
3.2 Litteraturvitenskapelige syn på samanhengen mellom empati og skjønnlitteratur	15
4.0 Kort om romanen	22
5.0 Analysen	23
5.1 Forteljarsituasjon og kjensleopplæring	23
5.2 Karakteridentifikasjon og kulda som kjensleframkallande verkemiddel	28
5.2.1 Karakteren og situasjonen hennar	29
5.2.2 Kulda og måneskinet	31
5.3 Tematisk	33
5.3.1 Negative kjensletilstandar	33
5.3.2 Abort.....	34
5.3.3 Overgrep, «slutshaming» og sladder.....	36
6.0 Kvifor viktig i skulen og norskfaget	40
6.1 Kjensler som grunnleggjande ferdighet	40
6.2 Folkehelse og livsmeistring.....	40
6.3 Demokrati og medborgarskap.....	41
7.0 Konklusjon	44
8.0 Litteraturliste.....	46
Relevans for lektoryrket	48

1.0 Innleiing

Første gong eg **merka** at eg kjende empati gjennom ei skjønnlitterær lesaroppleveling, var då me las *Av måneskinn gror det ingenting* (Nedreaas, 1947), første året mitt på universitetet. Det gjorde vondt å lesa romanen, eg fekk fysiske reaksjonar, og det same fekk fleire klassekameratar. Kva er det med denne romanen, og temaa i henne, som framkallar desse opplevingane? Kvifor er det så viktig?

Det er midten av november 2018, surt ivêret, men mykje folk har samla seg i parken ved Vår Frues kirke. To vg3-elevar på skjønnlitterær skriveworkshop på litteraturhuset rynkar på panna og lurer på kvifor det er så mange folk der, med plakatar og allslags. Eg forklarer at det er ein demonstrasjon mot abortsaka som har kome opp att i det siste, på grunn av ulike meningar i både det politiske og menneskelege landskapet. «Kva er greia med lovane? Men kvifor vil dei så gjerne ta abort?». Slik hugsar eg spørsmåla frå desse sære oppegaande og engasjerte unge vaksne, og det overraska meg kor lite dei visste om det, og kor lite forståing dei viste. At denne saka verka fjern for desse jentene – og elevar generelt, basert på andre lærarar sine erfaringar – sjølv om det handla om deira rettar eller avgrensingar, gjorde meg uroleg. Nokre veker etter dette argumenterte eg for at kjensler kunne verta ein viktig del av framtidas litteraturvitenskap i ei eksamensoppgåve. Desse to hendingane denne hausten, ilag med mi eiga oppleveling av *Av måneskinn gror det ingenting*, var utløysande for retninga denne masteroppgåva har teke.

I august i år heldt Toril Moi eit føredrag om *Av måneskinn gror det ingenting* for Nasjonalbiblioteket, og dette kom også i forkorta versjon i *Morgenbladet*. Den personlege lesinga ho gjorde av romanen vekte sterke kjensler og debatt frå fleire kjende litteraturvitnarar i Noreg. Ikkje lengje før var skjønnlitteraturen si rolle i norskfaget oppe til debatt i tidsskriftet *Norsklæraren*. Dette året byrjar innføringa av fagfornyinga i skulen, og blant det nye er overordna tverrfaglege tema, som i større grad går på haldningar og samspel enn lærdomskunnskap. Desse ulike momenta kan alle vera med på å visa kva rolla til kjensler i skjønnlitteraturen kan vera i dag, korleis ein kan bruka skjønnlitteratur og kjensler som inngang til vanskelege tema, og kva hensikt dette har i skulen. I denne masteroppgåva vil eg sjå på korleis *Av måneskinn gror det ingenting* kan bidra til å utvikla empati, og gjennom det, skapa meir samfunnsengasjement og lyttarvilje. Dette kan igjen føra til ei slags realisering av to av dei nye tverrfaglege, overordna temaa.

Ettersom skjønnlitteratur er mindre verkeleg enn verkelegheita, kan det vera at det er lettare for folk å leva seg inn i det, for så å ta avstand etterpå. Det kan også vera lettare å ta det inn over seg, fordi ein ikkje vert stilt krav til inni den verda. Folk, ikkje minst elevar og studentar, er veldig ulike på korleis dei liker å lesa, ta til seg historier og setja seg inn i andre sine liv.

Ungdomsskulen og vidaregåande skule er periodar av livet der ein kan finna og verta seg sjølv, i ein annan grad enn seinare i livet. For nokon kan det gjera det vanskelegare å setja seg inn i andre sine liv, for nokre lettare. For alle desse meiner eg at skjønnlitteratur som portretterer vanskelege tema, er viktige. Dette kan vera tema som alle veit eksisterer, men som dei kanskje prøver å gøyma seg frå, ignorera, eller berre ikkje ser på som å angå seg sjølv.

Ønsketenkinga mi seier i grunnen at alt det menneskelege gjeld alle menneske. Altså at problem og situasjonar som rammar tilfeldig, eller spesifikke grupper i samfunnet, men som handlar om menneske, burde vera noko ein bryr seg om, uansett eigen situasjon. Slike vanskelege tema kan vera både etisk og personleg problematiske, og nokre eksempel kan vera 22.juli, abort, krig, eteforstyrringar, sjølvord, overgrep, psykisk helse, mobbing og maktmisbruk. I fagfornyinga har det no kome inn tre nye overordna, tverrfaglege emne, som skal sikra at ungdommane får utfordra og utfolda seg i mange aspekt og problem ved samfunnet, som ein vanlegvis ikkje møter heilt eksplisitt i skulen. Eg kjem til å trekkja inn to av dei, folkehelse og livsmeistring og demokrati og medborgarskap. Dette gjer eg for å i større grad belysa korleis ein kan bruka samspelet mellom desse to emna og skjønnlitteratur om vanskelege tema i skulen til å utvikla empatien og engasjementet hjå elevar. Skulen har eit mandat om å utdanna, og danna, elevar til å verta demokratiske samfunnsborgarar som kan delta i samfunnet og utvikla positive og opne haldningar. Dette skal eg dukka meir ned i etterkvart. Vidare betyr det at det å vera elev og lærar, er så mykje meir enn fakta, vurdering og klasseleiing. Det handlar om rettleiing, haldningar, å utforska og utfordra gjennom det ein lærar og korleis ein lærar det. Elevane skal gå ut av skulen med nok kunnskap og vurderingsevne til å ta dei vanskelege vala på eit grundig grunnlag, eller i alle fall ha moglegheitene til å ta det.

1.1 Skjønnlitteraturen si rolle i norskfaget er oppe til debatt

I samanheng med nye læreplanar og endringar i skulefaga, dukkar det ofte opp debatt. Tidlegare i år var det skjønnlitteraturen si rolle i norskfaget som vart utforska og debattert i tidsskriftet Norsk læraren. Ambisjonane og ønska om danning og skjønnlitteratur som oppleving og ei moglegheit til å sjå «dei andre» på, som vert presenterte i innlegga deira, er særskilt relevant for oppgåva mi. Ida Lodding Gabrielsen (2019) skreiv ein artikkel basert på ein

større forskingsartikkel med funn frå eit kvantitativt prosjekt om korleis lærarar bruker litterære tekstar i ungdomsskulen. Her presenterte ho korleis skjønnlitteratur mest vart brukt via utdrag til å (be)visa sjangertrekk og verkemiddel, og at litteraturen i seg sjølv vart mindre diskutert. Der klassane las romanar i staden for utdrag, vart ikkje den lesinga heller teken lengre enn eit spørsmål eller bokpresentasjon, så fordjuping i ein roman var det lite av. Ho problematiserte vidare kvifor elevane les skjønnlitteratur – for reiskap til å oppnå andre læringsmål eller for litteraturen i seg sjølv?

I neste utgåve kom det då fleire tilsvar på dette. Leif Rune Hausvik (2020), norsklærar på vidaregåande skule, kjenner seg noko igjen i det Gabrielsen kjem fram til. Han meiner dette er noko som har dukka mest opp dei seinare åra, der elevane si læring, heller enn opplevinga, er i fokus. Hausvik peikar på korleis elevane i større grad treng opplevinga og fordjupinga, i alle fall i tillegg til «dissekeringa» i analysen. Amund Torp, som også svarar på Gabrielsen sin artikkel, fokuserer på korleis norskfaget handlar om danning vel så mykje som utdanning. Han kjem også inn på den målbare læringa som har vore i fokus dei siste åra, og fokuset på å koma gjennom flest mogleg tekstar – utan å nødvendigvis lesa heile. Han har eit håp om at lærarar gjennom dei nye tverrfaglege temaat kan la elevane utforska litteraturen og oppleva. Han avsluttar med ein refleksjon om skjønnlitteraturen si hensikt:

For er det ikke nettopp det skjønnlitteraturen, og kanskje aller mest romanene, eigner seg aller best til? Å gi oss en dypere forståelse for samfunnet og kulturen vi lever i og ikke minst sette ord på vårt eget virvar av tanker og følelser om oss selv? (2020, s.20)

Som ein inngang til temaet, vil eg også trekkja inn norsklærar Magni Kristin Moe Westgård sin artikkel «Skjønnlitteraturen som kraft i norskfaget» frå tidsskriftet *Syn og Segn*. Ho skriv blant anna at når avgangselever i norsk på vidaregåande skule skal velja seg litteratur til fordjupingsoppgåva, kjem klassikarane i bakre rekke, blant anna fordi haldninga er at desse bøkene er for fjerne for livsverda deira. I tillegg ser ho på korleis fiksjon kan utforska det menneskelege og bidra til danninga.

Kanskje er likevel det aller viktigaste at elevar møter tekstar som representerer «dei andre». Tekstar der nettopp møtet med det som er ukjent og som utfordrar, kan gje nye perspektiv til eige liv, og sprengje ekkokammera ein ofte badar i på internett... Det er ikkje kunnskapen du *har*, som først og fremst reflekterer danning, men korleis ein er i kraft av å ha denne kunnskapen (2019, s.104-105).

Som lærarar har me altså eit mandat til å ikkje lata elevar berre snu seg vekk frå det som er vanskeleg å tenkja på og meina noko om, gje dei det beste grunnlaget me kan for at dei skal kunna gjera seg opp eigne meningar om saker og ta steget ut i samfunnet med moglegheiter

for å ta eigne val. På bakgrunn av skulen og norskfagets samfunnsmandat og danningspotensial, og skjønnlitteratur si rolle som empatiutviklar, er problemstillinga mi:

Korleis kan *Av måneskinn gror det ingenting* bidra til empatiutvikling hjå vidaregåandeelevar, og korleis kan dette bidra til å realisera ambisjonane til to av dei nye tverrfaglege overordna temaa frå fagfornyinga i norskfaget?

2.0 Resepsjon

Her presenterer eg korleis romanen vart teken i mot av både lesarar og kritikarar då ho kom ut, og korleis ho vart brukt i samfunnet etterpå. Eg trekkjer også inn nokre nyare lesingar og resepsjonar, og ser på kva som har vorte forska på ved romanen før. Ein fellesnemnar for all resepsjon av denne romanen, er at ho går innpå ein og er oppskakande og vanskeleg å lesa.

2.1 Avisresepsjon

Romanen fekk omtale i fleire aviser i fleire delar av landet. I *Drammens tidene* skreiv Otlu Alsvik blant anna dette, om det ho omtalte som ein krass roman:

Hvis jeg forsøkte å gjengi innholdet i boken, tror jeg mange ville legge den ulest fra seg. Det er nok en kjærighetshistorie den inneholder. Men den kjærigheten er så bitter, så ulykkelig og blodig, at de færreste ville ha mot til å se den i øynene... Men sjeldan ser vi en slik kjærighet som brenner seg inn i marg og ben på menneskene, som «utholder alt, tror alt, håper alt og tåler alt». Den er like skinnende og hel og ekte gjennom alle prøvelser, gjennom alt stygt og vondt og sykt. Men hvorfor det måtte bli så mye stygt og bittert med den kjærigheten, se det er det Torborg Nedreaas vil fortelle med boken sin. Hele skildringen er en anklage mot alle oss som angriper uten å høre, som dømmer uten å forstå... (Alsvik, 1948, s.7)

Det er berre på eitt punkt Alsvik er mindre nøgd med romanen – og dette er fleire kollegaer einige med henne i – nemleg komposisjonen. Ho skriv, som dei, om korleis rammeforteljinga og bytta er forstyrrande og ikkje tilfører noko nytt. Likevel gjer ikkje dette all verda, ettersom «Den navnløse piken stiger likevel så levende, så varm og blodfull opp av fortellingen.» (ibid, s.7).

Paul Gjesdahl i *Arbeiderbladet* irriterer seg så mykje over komposisjonen at han startar heile bokmeldinga med det. Han kallar rammeforteljinga og det rundt kjedeleg, men likt som med Alsvik, forsvinn innvendingane delvis i takt med den ekte forteljinga.

Dikteren er så glødende opptatt av sitt stoff, så hensynsløst oppriktig i sin beslutning om at «heltinnen»s skriftemål skal være nakent og fullstendig, at en glemmer de formelle innvendingene. Og når en legger boka fra seg, tenker en mindre på om den var god eller ikke – en har opplevd noe viktigere enn en roman; en har fulgt et menneskes liv fra barndommen til sammenbruddet... (1947)

Han held fram med å undra seg over dei brytande eigenskapane til kvinna i romanen; «...hennes energi og mot, sjelerot og ubarmhjertighet, offervilje og egoisme.» (ibid), og ser den sosiale viktigheita av romanen:

I *Friheten*, ei avis som vart ått og enno vert ått av NKP, finn me ei bokmelding skriven av Eva Rønnow, ei anna som også ser det sosiale potensialet i romanen, men på ein litt annan måte.

Ho innleiar med at dette er ei sak som må vekkja alle kvinner, og understrekar tydinga boka bør ha for kvinner. Ho kallar romanen for ei «kvinnebok», og merkar seg at: «Ingen har tidligere, meg bekjent, talt de ufødte barns sak i en hel roman...» (1948, s.5)

Alle som selv har eller skulle hatt barn, alle som kan huske noe av abortus provocatus-diskusjonen før krigen – de vil av Torborg Nedreaas' bok se spørsmålet i et blinkende nytt lys. Her er ikke tale om forsyndelser mot det 5.bud, ikke om krisen i befolkningsproblemet og framfor alt ingen antydning om «kvinnens rett til å bestemme over sin egen kropp» ved «enkle» inngrep av kyndig lege. Torborg Nedreaas forkaster den utbredte oppfatningen at det gjelder å innrette seg best mulig i elendigheten. Hun dømmer til døden det samfunn som ikke kan glede seg over nye liv og som ikke gir kvinnene menneskeverd. Menneskene skal ikke drepes for å tilpasses forholdene...La den [boken] rive deg opp i sinn og kropp. Du kommer rik og sterk ut av det. «Av måneskinn gror ingenting» må bli enn brannfakkel som tenner ild i alle kvinnedesinn. (ibid, s.5)

Desse tre avis-bokmeldingane har alle kjensler og påverknad som fellesnemnar. Dei legg alle vekt på korleis boka riv ein opp, brenn seg inn i marg og bein og lèt ein vera med på ein menneskeskjebne. Det skal ikkje vera nødvendig at ei bok er vond å lesa for at ho skal bety noko og påverka ein, men det hjelper nok på kor inderleg ein kjenner det.

2.2 Abortkamp og debatt – romanen i bruk

Her passar det fint å trekka linja frå Rønnnow si utsegn om korleis Nedreaas taler dei ufødde barna si sak i heile romanen, til korleis denne på 70-talet vart kanonisert og brukt som eit innlegg i kampen for fri abort. Romanen kom ut i 1947, men handlinga ligg sannsynlegvis i mellomkrigstida.

Gjennom 1970-åra vart *Av måneskinn gror det ingenting* aktivt brukt i kampen for sjølvbestemt abort, som eit slags bevis og argument for fri abort. Ho vart også merka som ei pro-abort-bok, sjølv om det meste viser til at det er ei pro-livet-bok som dømmer samfunnet hardt for vala folk må ta. Det er ikkje nødvendigvis abort-moglegheitene som er hovudproblemet – dei er heller ein konsekvens av haldningane i samfunnet og hjå folk og institusjonar, og mangel på kunnskap og prevensjon. Hjå hovudpersonen spesielt er sjølve ønsket om å få ungar til stades, sjølv om ho endar opp med å avbryta svangerskap fleire gonger. Likevel er boka absolutt eit innlegg i debatten som seier at slik det har vore, ikkje fungerer. Det har vore vanskeleg for nokre feministar at Nedreaas har uttalt at ho ikkje nødvendigvis var for fri abort, men likevel skreiv ei bok som var så viktig for denne kampen, ettersom ho rett og slett røska tak i samfunnet og sette dette på dagsordenen.

2.3 Morgenblad-debatt

Nyleg har det blussa opp ein stor debatt om AMGDI, etter Toril Moi i juni hadde eit føredrag med si lesing av romanen for Nasjonalbiblioteket, og etterpå trykte ei forenkla utgåve i *Morgenbladet*. Debatten har foreløpig ti innlegg, frå blant anna Irene Iversen, Christine Hamm og Grete Fatima Syed. Debatten handlar både om lesemåtar og om ulike tolkingar av denne spesifikke romanen, og vert til ein viss grad både eit nytt bidrag til, og ei oppsummering av Nedreaas-forskinga. Denne debatten kan i seg sjølv reknast som eit slags bevis på at romanen er aktuell i dag, og at måten romanen påverkar og rører folk på, er eit utgangspunkt for diskusjon om personlege lesemåtar i litteraturvitenskapen generelt.

Ettersom debatten er veldig omfattande, og også har utvikla seg i ulike retningar, skal eg ikkje trekkja alt for mange linjer her. Likevel kan eg oppsummera hovudspenningane med at det handlar om lesemåtar og litteraturvitenskap, og om kva kjærleikssyn og kjønnsskildringar romanen har, kva og kven han representerer. Eg vil hovudsakleg trekkja fram spenninga mellom Moi og Syed, ettersom fokuset deira i størst grad kan relaterast til retninga på denne oppgåva. Moi (2020) prøver å utvikla ein personleg lesemåte, og knyt blant anna eigne erfaringar frå barndommen og eiga feministisk forståing inn i denne lesinga. I følgje Syed (2020), svartmalar Moi mannskikkelsane i romanen, både med tanke på begjær og hensikter, i tillegg til å fokusera på eit kjærleikssyn som viser kvinne som blant anna låst fast, stum og passiv. Syed argumenterer mot dette med at berre i ordelaga til kvinne sjølv, kan ein skimta mange kjensler og fleire aspekt ved både den mannlige forteljaren og Johannes. Ein bør heller ikkje avskriva menneskeskildringane som er ekte og slik vonde, fordi dei ikkje passar inn i eit spesifikt tolkingssyn. Ho ser også på korleis kvinne, ved å gå mot det alle forventar, mot samfunnet og mot seg sjølv til og med, heller er handlande enn stum og passiv. Det å ha sterke kjensler for nokon og fortsetja å søkja det, sjølv om det er øydeleggande, krev ein enorm lidenskap og ei veldig drivkraft. I analysedelen vil eg sjå meir på korleis desse karakterane får fram kjensler både i seg sjølve og lesarar.

2.4 Resepsjonsbøkene

Det finst fleire böker som tek føre seg forfattarskapet til Torborg Nedreaas på inngåande måtar, sjølv om det enno ikkje finst ein rein biografi om henne, og fleire av desse bökene er relativt nye. Eg kjem her til å kasta eit blikk på korleis fire forfattarar/litteraturvitnarar, med over to tiår mellom seg samla, har utforska *Av måneskinn gror det ingenting*.

Irene Iversen skriv, i festskriftet til Helge Rønning (Iversen, 2003), om Torborg Nedreaas sine stemmer. Meir spesifikt, og i denne samanhengen, tek ho opp det dialogiske og vedkjennande med forteljarane i denne romanen, og går då til rammeforteljinga. Denne vart, som me såg blant avismeldarane, ikkje godt motteken av alle. Iversen viser til korleis Aksel Sandemose kritiserer grepet, blant anna fordi han meiner mannen er for feminin. Iversen nemner vidare korleis den manlege forteljaren er feminin, og grunngjev dette med at han viser omsorg og lyttar – kvinnelege handlingar. Ho skriv at det er eit dilemma at Nedreaas valde ein manleg lyttar og rammeforteljar, når det i den «ekte» situasjonen var ei dame – Nedreaas sjølv – som var lyttaren. Ho meiner vidare at dette kan ha bakgrunn i oppfatninga om at kvinne ikkje kunne ha «eg»-stemma og ha den berande stemma i ein litterær tekst. Historia trong legitimering av ein mann – noko fleire kvinnelege forfattarar har støtt på opp igjennom, ettersom motstanden mot eit kvinneleg «eg» var for stor (*ibid*, s.95.).

Eg forstår kor dette kjem frå, men eg er delvis ueinig. Då tenkjer eg spesielt ut ifrå korleis romanen kan ha verknad i mi eiga tid, men også på korleis han var meir kontroversiell i eiga samtid og åra opp gjennom. Denne romanen sette lys på noko som (kunne) ramma mange menneske over heile Noreg (og elles i verda sjølvsagt), men som hovudsakleg kvinnene måtte bera byrda for. Den sosiale urettferda var jo på ein måte generell, men det var kvinnene som fekk svi for dette, fekk oppleva skamma og dei største emosjonelle og fysiske konsekvensane i denne samanhengen. Difor er det ekstra sterkt og viktig at dette vert fortalt til ein mann, som vert tvinga til å forstå, og som me får innblikk i uttrykka til. Det er nok i stor grad ofte kvinner som dømmer kvinner i dag, som det nok også var i boka si samtid. Det er likevel viktig at menn, både i vår og romanen si samtid, vert gjert klar over kor mykje meir utsette kvinnene er for både visse typar behandling og konsekvensar. Dette vil eg sjå meir på i analysen.

Av måneskinn gror det ingenting vart, då ho kom ut, omtalt av Philip Houm i *Dagbladet* som ein viktig tendensroman, men fekk også kritikk for det same. Dette kjem fram i Inger Jahr si bok frå 1997, som handlar om tendensane i sentrale delar av Nedreaas sitt forfatterskap. Tendenslitteratur var særleg ein merkelapp som uttalt samfunnskritiske verk fekk. Dette var litteratur som skildra sosial og politisk verkelegheit slik ho var i samtida, og var rekna som negativ (Jahr, 1997, s.9). Sjølv om *Av måneskinn gror det ingenting* fekk merkelappen «tendensroman», var likevel perspektivet at romanen var «...vellykket til tross for ‘tendensen’» (*ibid*, s.19), som igjen understrekar at tendens vart sett på som negativt, ettersom tendensen kunne gjera romanen kunstnarisk svakare. Når Jahr (*ibid*, s.32) går inn på den sosiale tendensen i samanheng med komposisjonen av romanen, nemner ho korleis den

spesielle forma lèt kvinna si livshistorie koma kjensleladd og ukronologisk, samtidig som ho er farga av sitt sosiale og politiske perspektiv frå forteljingstidspunktet. Dette, og spenninga mellom korleis ho vert meir positivt framstilt av mannen, medan eiga historie viser eit meir kompleks bilet, fører til at ein direkte sosial tendens vert fletta ilag med livshistoria til hovudpersonen.

Åsfrid Svensen startar med å gje fleire forslag til romantypar som kan brukast til å karakterisera store delar av Nedreaas sitt forfattarskap, blant anna danningsroman, utviklingsroman, vedkjenningsroman, samfunnsroman og tendensroman (Svensen, 2007, s.22). Som Iversen i Helge Rønning si bok, er Svensen også interessert i å sjå på det dialogiske i samanheng med forfattarskapet til Nedreaas, og det narrative begjæret. Kvinna i romanen treng inderleg å fortelja historia si, og det vert vrengt utav henne. Svensen skriv også om korleis Nedreaas har nytta seg av nokre narrative grep som hindrar at lesaren avviser eller vert fråstøytt av det provoserande og vanskelege innhaldet (*ibid*, s.28). Ho nemner først avstanden i tid og rom; sjølv om kvinna fortel om si eiga historie, er det langt unna der det skjedde, i dobbelt forstand. I tillegg er avbrytingane som skjer, på alle plan, også viktige for dempinga til lesaren.

Nedreaas-forskinga og resepsjonen til denne romanen består altså av mange vinklar og aspekt eg skal innom i analysen min, blant anna sosiale omstende og føresetnader, livskraft og engasjement, kor sterk og vond boka er å lesa og forteljarsituasjonen i boka. Ved å knyta dette til empatiutvikling i skulen og skjønnlitteratur som inngang til vanskelege tema, trur eg likevel eg trør på urørte marker. Eg vil kopla i hop kjenslene i romanen og hjå lesaren med kvarandre og med aspekta i romanen som er utløysande for dette, og sjå på korleis eit brennande kjensleregister i ein roman kan påverka samfunnsborgarane som utgjer framtida. Dette vil ikkje gå på tvers av tidlegare forsking, men heller vera eit nytt steg i retning av ein meir kjensleorientert litteraturvitenskap.

3.0 Teori

På grunn av tematikken i oppgåva, vil teoridelen vera delt i to hovuddelar, ein som tek føre seg skule- og didaktikkaspektet ved oppgåva, og ein som tek føre seg det spesifikke litteraturaspektet. I den første hovuddelen ser eg på lovar, fornyingar og føringsdokument i skulen og norskfaget dei siste åra. Eg tek så føre meg kva slags perspektiv og haldningar ein har til danning, empati og skjønnlitteratur i norskfaget, og ser på korleis litteraturdidaktikk tek føre seg dette. Her støttar eg meg her blant anna på Laila Aase, Atle Skaftun, Judith Langer og Per Thomas Andersen. I den andre hovuddelen lenar eg meg mest på to verk av Suzanne Keen og *Litteraturens etikk* av Martha C. Nussbaum. All teori og utdanningsdokument eg tek utgangspunkt i, er grunnleggjande lesarorientert, ettersom alle har eit fokus på lesaren og kva han får utav og gjev i samspel med litteraturen.

3.1 Litteraturdidaktiske og skulerelaterte perspektiv

3.1.1 Tverrfagleg trøng til empati

I opplæringslova er det særleg ei setning som inneholder ei slags kjerne av det overordna ein vil at elevar skal sitja igjen med etter endt utdanning. «Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.» (Opplæringslova, 1998). Inngangane ein får til verda gjennom norskfaget, spesielt skjønnlitteratur, er særskilt viktig for å kunna oppfylla denne delen av loven.

Noko av det nye i fagfornyinga, er overgangen frå generell del av læreplanen til overordna del. Begge desse delane handlar om kva slags verdiar og haldningar skulen, og kunnskapen elevane får, skal bidra med for elevane sin vekst. Skiftet frå generell del til overordna del kan vitna om eit ønske om å flytta fokuset litt frå det fagspesifikke til eleven som heilskap. Ei av endringane frå generell del til overordna del, er dei tre tverrfaglege temaene som skal farga alle faga, så godt det lèt seg gjera. Desse temaene er berekraftig utvikling, demokrati og medborgarskap og folkehelse og livsmeistring. Utgangspunktet for desse er: «aktuelle samfunnsutfordringer som krever engasjement og innsats fra enkeltmennesker og fellesskapet i lokalsamfunnet, nasjonalt og globalt.» (Kunnskapsdepartementet, 2020c). Eg vil trekka fram folkehelse og livsmeistring og demokrati og medborgarskap i relativasjon til empatiutviklingsaspektet og romanen. Desse to tverrfaglege emna kan ein også knyta tett opp mot utdraget frå Opplæringslova ovanføre. Det elevane skal utvikla haldningar, kunnskapar og dugleikar for, er jo blant anna å meistra liva sine og delta i fellesskap i samfunnet, noko desse to temaene tek føre seg moglegheiter i.

Folkehelse og livsmeistring som tverrfagleg tema i skulen, generelt, skal og bør spela inn på mange arenaer. Elevar skal få kompetanse som kan hjelpe til å ta ansvarlege livsval og som kan fremja god psykisk og fysisk helse. Livsmeistringsbiten inneholder blant anna at ein skal forstå og kunna påverka faktorar som spelar inn for meistringa av eige liv. Det gjeld å handtera medgang, motgang og utfordringar både på det personlege og praktiske planet på ein god måte. Relevante og aktuelle område innanføre dette er fysisk og psykisk helse, seksualitet og kjønn, verdival og relasjonar, grensesetjing og handtering av sterke tankar, kjensler og relasjonar. (Kunnskapsdepartementet, 2020b)

I norskfaget spesifikt handlar folkehelse og livsmeistring mykje om at elevane skal utvikla evner og moglegheiter til å uttrykka seg skriftleg og munnleg, slik at dei kan dela eigne tankar, kjensler og erfaringar. Dette er også viktig i samband med relasjonar og sosiale fellesskap, som er ein stor del av elevane sine liv på skulen og livet utanføre. Gjennom å lesa skjønnlitteratur, får elevar bekrefta og utfordra sjølvbiletet, horisonten og verdsbiletet sitt, og dette kan bidra til identitetsutvikling og livsmeistring. Ved å lesa om, og slik til ein viss grad oppleva, andre folk sine vanskar og gleder, kan elevar finna løysingar, forstå medelevar sine problem betre, og rett og slett engasjera seg meir i andre sine liv.

Demokrati og medborgarskap, generelt i skulen, handlar om å rusta elevane til å vera aktive samfunnsborgarar og engasjera seg i sine eigne og andre sine rettar. Det handlar også mykje om å anerkjenna sin eigen og andre sin plass, og eigne pliktar og liknande i samfunnet. I norskfaget er det viktig at «Lesing av skjønnlitteratur og sakprosa gir elevene innblikk i andre menneskers livssituasjon og utfordringer. Dette kan bidra til at de utvikler forståelse, toleranse og respekt for andre menneskers synspunkter og perspektiver, og det kan legge grunnlag for konstruktiv samhandling.» (Kunnskapsdepartementet, 2020a). Medan temaet i *Av måneskinn gror det ingenting* i seg sjølv kanskje rettar seg mest mot folkehelse og livsmeistring, er innverknaden samfunnet og haldninga til kvarandre har, viktig i samanheng med demokrati og medborgarskap.

3.1.2 Norskfaget i all si fornying

I skildringa av relevansen og dei sentrale ideane i det nye norskfaget vert det bekrefta at «Norsk er et sentralt fag for kulturforståelse, kommunikasjon, danning og identitetsutvikling... Lesing av skjønnlitteratur og sakprosa skal gi elevene mulighet til å reflektere over sentrale verdier og moralske spørsmål...» (Utdanningsdirektoratet, 2020a.) I kjernelementa i det nye norskfaget som heilskap kan ein også lesa at «Elevene skal lese

tekster for å oppleve, bli engasjert, undre seg, lære og få innsikt i andre menneskers tanker og livsbetingelser...Tekstene skal knyttes både til kulturhistorisk kontekst og til elevenes egen samtid....»(Utdanningsdirektoratet, 2020b)

I den nye læreplanen for norsk vg3 studiespesialiserande, er det fleire kompetansemål som kan vera relevante i samanheng med litteratur og empati. Dette gjeld blant anna litterære samtalar, skriving av litterære analysar og liknande, men dei er ikkje nødvendigvis veldig spesifikke. Det å kunna «analysere og tolke romaner, noveller, drama, lyrikk og sakprosa på bokmål og nynorsk fra 1850 til i dag og reflektere over tekstene i lys av den kulturhistoriske konteksten og egen samtid» (Utdanningsdirektoratet, 2020c), er eitt av desse. Det er interessant og viktig at elevane både skal sjå teksten i lys av den kulturhistoriske konteksten og eiga samtid. I den førre læreplanen inneheldt det tilsvarende kompetansemålet ikkje samtidsnemninga (Utdanningsdirektoratet, 2013). Dette viser eit fokus på legitimeringa av norskfaget og korleis det er viktig at elevane sjølve kan kjenna ein relevans til fagstoffet. Dette er også ein sårbar balansegang, ettersom det ikkje kan vera berre på grunn av, og med utgangspunkt i, seg sjølve at elevar les eller lærer i norskfaget. Litteratur må ha verdi på eigen premiss, men det skadar jo ikkje om elevar får nye erfaringar med både tankar og kjensler, om det er frå eigne horisontar eller samanlikning med samtida.

3.1.3 Norsk som reiskaps- og danningsfag

Gjennom å visa den viktige samanhengen mellom å lesa skjønnlitteratur om vanskelege tema og skulen sine mål, kan ein legitimera norskfaget på fleire vis, også gjennom norsk som danningsfag. Danning, spesielt i skulesamanheng og kva grad dette er skulen sitt samfunnsoppdrag, har lenge vore eit omdiskutert tema, og kanskje ekstra sterkt i norskfaget. Danningsforståinga har hatt mening som både det å kunna oppføra seg på visse måtar, ha kunnskap om visse lærde saker og vera frå øvre samfunnslag. Det har også, spesielt no til dags, ein god del å gjera med korleis ein kan stilla seg til andre, vera empatisk og ha gode verdiar i samfunnet. Skulen kan ha eit anna danningsoppdrag enn andre samanhengar og situasjonar elevar set seg i, og eg skal her fokusera mest på norskfaget sitt danningspotensial, gjennom Aase. Tankane hennar om, og definisjonen av, danning lyder slik:

Danning er en viktig samfunnsoppgave alle skal ta mulighet til å ta del i gjennom systematisert opplæring i skolen...(Det er) en sosialiséringsprosess som fører til at man forstår, behersker og kan delta i vanlige, oppvurderte kulturformer. Dette innebærer både tenkemåter, handlingspotensial og kunnskaper innenfor er bredt og variert felt. (2005, s. 37)

Aase skriv at det er viktig å ikkje sjå danning som identisk med identitets-omgrepet. Danning krev identitetsutvikling, men identitetsutvikling treng ikkje nødvendigvis føra til danning. «Å huske og reproduusere stoffet er ikke danning. Danningsprosessene krever at elevene blir preget av kunnskapsstoffet på en slik måte at det blir en del av den beredskapen har for å samhandle med andre.» (ibid, s.38). Ho skriv vidare om korleis det meir handlar om å læra noko av og i tekstane, heller enn om, og å sjå og forstå seg sjølv i samanheng med tekstkulturen. Identitetsutviklinga er då påverka av kulturen og tekstane, som også gjev elevane moglegheit til å skapa kultur. Med det perspektivet hjelper det ikkje å ha kjennskap til Ibsen – lesinga må ha hatt verknad på tankeprosessar som er produktive for ein. (ibid, s.39).

Norskfaget står i eit spenn mellom å vera eit danningsfag og vera eit reiskapsfag. Pål Hamre skriv i boka *Norsk som reiskaps- og danningsfag* (2017) om korleis reiskaps-perspektivet mest går ut på korleis norskfaget skal gje elevane kunnskapen og kompetansen som trengst for vidare studering og deltaking i samfunnsliv og arbeidsliv. Det handlar om ein tilgangskompetanse. Det som kan oppfattast som problematisk, er kor fokusert reiskapsfaget kan verta på nettopp reiskapane og det målbare, som kan gå på akkord med litteraturen dei eksisterer i. Danningsaspektet ved norskfaget møter me sjeldnare direkte på i kvardagen, det er meir overordna og er innom både det kulturelle, samfunnsmessige og historiske ved faget. Hamre nemner også korleis danningsperspektivet kan verta knytt til korleis tekstar innbyr til både innleining, identifikasjon, analytisk distanse og refleksjon. (Hamre, 2017, s.15-16)

Atle Skaftun er oppteken av litteraturen sin nytteverdi. Han meiner at å sjå på skjønnlitteratur primært som ei kjelde til personleg oppleving og nyting, er ei reduserande tilnærming. Han ser heller på skjønnlitteratur som eit øvingsrom for livet, og som danningsverdi:

Innholdsmessig rommer skjønnlitterære tekster komprimert erfaring fra livet og perspektiver på tema og fenomener som kan være viktige, aktuelle og akutte for samfunn og individ på ett eller annet tidspunkt i livet. I et slikt perspektiv representerer skjønnlitteraturen en kunnskapsbank som har verdi hvis vi anerkjenner skolens langsiktige danningsmål. (Skaftun, 2009, s.17)

3.1.4 Kjensler som grunnleggjande ferdighet

«Litteratur yter *motstand*, den er en slags protest mot virkeligheten.» (Andersen, 2019, s.11)

Dette er ei fin opning til Per Thomas Andersen sine refleksjonar rundt skjønnlitteratur og kjensler i innføringsboka *Forstå fortellinger*. Litteratur har også vorte skildra som å spegla verkelegheita, men det treng heller ikkje vera i kontrast med definisjonen hans. I boka skriv han reflektert om kjensler som grunnleggjande ferdighet i skulen, og om fellesskap, fantasi og utbyttet av å lesa litteratur. For litteraturelskarar kan svar på kvifor ein les vera at det berre

er for litteraturen sjølv sin del, medan det er ganske så annleis for dei som ikkje forstår kvifor. Andersen understrekar kor viktig førestellingsevna er, både generelt og i skulen:

Et grunnleggende trekk ved den litterære fortelling er at den demonstrerer selve evnen til å forestille seg verden annerledes enn den er. Denne evnen er en av menneskets viktigste eigenskaper. Uten denne evnen ville selve drivkraften til forandring mangle. Det er et grunnleggende samsvar mellom den litterære fortelling og evnen til å forestille seg en annen virkelighet...Det er i hvert fall bakgrunnen for at evnen til å forestille seg en forandret verden har fått sin plass i utdanning, læring og skole. (ibid, s.11-12)

Andersen, gjennom Viktor Sjklovskij, poengterer også korleis litteratur er underleggjande, og at det representerer ein avautomatiserande måte å sjå verda på. For at det skal treffa lesarar, gjer ein det velkjente ukjent. Ein ser noko som er kjent på nye måtar, og det kan utvida perspektiva eins og tilføra noko nytt. (ibid, s.12)

For Andersen er kjensler ei grunnleggjande ferdigheit, den viktigaste også, til og med. Dette er fordi alle relasjonar og opplevelingar har med kjensler å gjera. Det er såpass viktig å kunna leva seg inn i korleis andre har det, at Andersen skriv «...uten evnen til å føle andres følelser, vil man ikke kunne ha et velfungerende, demokratisk samfunn.» (ibid, s.14), og for at samfunnet skal vera tolerant, må ein større del av det ha genuin innlevingsevne. Han er ikkje ute etter eksemplariske, moralske forteljingar, og meiner det er to aspekt ved det å leva seg inn i andre sine kjensler. Det første handlar om øvinga det er i å forstå og utvikla empati for smerta, håpet, angst og gleda til andre, men utan å mista seg sjølv. Det andre aspektet går ut på at desse kjenslene ikkje nødvendigvis kjem naturleg til oss, men er tillærte og forma av sosiale konstruksjonar. Då lærer me altså korleis me skal føla, og det gjer me primært gjennom forteljingar. (ibid, s. 14-15)

3.1.5 Litterære erfaringar

Judith A. Langer er ein bauta innanføre litteraturdidaktikk og literacy. I boka *Envisioning literature* (2011) teiknar ho eit bilet av eit morsmålsfag i spennet mellom reiskap og danning, som til dels kan likna på vårt eige. Når det er slik, kan ein spørja seg: kvifor skal ein lesa skjønnlitterære tekstar, når det ikkje hovudsakleg er det ein treng til prøvane og for å koma inn på vidare studium? Langer vurderer litteratur som ein tenkjemåte i staden for ein type tekst, ettersom elevane gjennom litteratur kan oppleva, utforska moglegheiter og utforma visjonar, kanskje om korleis morgondagens samfunn skal vera. (Langer, 2011, s.2). Ho trekkjer fram *subjektiv erfaring*, som skjer når me ser i oss sjølve for å finna meaning og forståing, og prøver å sjå nye idear og opplevelingar frå innsida. Dette er då i kontrast til, men

ikkje konflikt med, *objektiv erfaring*, som går meir ut på å sjå meiningsa som eit objekt i seg sjølv, som skal studerast og takast frå kvarandre. Desse erfaringane utfyller då kvarandre til ei heilheitleg erfaring, men ho understrekar viktigheita av å anerkjenna den subjektive erfaringa som viktig og normal i ein forståingssituasjon. (ibid, s.8)

Langer drøftar verknaden skjønnlitteratur kan ha, med utgangspunkt i abortdebatten. Ein kan lesa seg opp og argumentera med logiske og velformulerte innlegg på religiøst eller lovmessige grunnlag, men det vil til ei viss grad koma til kort med tanke på kjensleaspektet, som er ein stor del av ei så vanskeleg og betent sak.

But stepping into the lives of the antagonists and imagining what motivates their opinions; or projecting how you, your neighbors, and those you love might be affected by one or another governmental ruling; could add sensitivity as well as complexity to your own understandings. (ibid, s.8)

Ho understrekar også korleis subjektive og objektive opplevingar begge er verdifulle i slike saker. Dei treng ikkje vera i konflikt med kvarandre, men kan heller gje ein eit betre grunnlag for meiningsane, og meir nyansert perspektiv.

Langer knyter også det å lesa litteratur til det å skapa ein meir kreativ og innovativ generasjon gjennom utdanning. Gjennom forskjellige tenkjarar på feltet, som vurderer kva eigenskapar desse då treng, føreslår ho blant anna det å tenkja utover eiga interesse, vera empatisk og fleksibel (ibid, s.156). Difor er litteratur som tenkjemåte viktig, fordi det også kan lata oss gå i andre sine sko og visa oss at å vera annleis, ikkje er negativt, men reelt og lærerikt. Sist, men ikkje minst, gjer litteratur oss til betre tenkjarar, ved å ekspandera det me kan sjå og oppleva, og lèt oss sjå fleire sider av ei sak, eller erfara fleire perspektiv.

Langer introduserer også fem «stances of envisionment building», altså fem stadium/fasar av førestillingsbygging. Desse skildrar ulike stadium/fasar lesaren kan vera i gjennom leseprosessen, og er ikkje lineære. Det tredje av desse er ganske annleis enn resten. Ein nytta då det ein får frå tekstuverda til å endra førestillingar, heller enn at ein forstår tekstuverda på visse måtar ved å nytta eigne allereie etablerte førestillingar (ibid, s.19). I dette stadiet handlar det om korleis ein tek med seg erfaringane og førestillingane frå det ein les, og bruker det til å potensielt endra forståinga utanføre verket.

3.2 Litteraturvitakaplege syn på samanhengen mellom empati og skjønnlitteratur
I denne delen tek eg føre meg Martha C. Nussbaum og Suzanne Keen sine teoretiske syn på samanhengen mellom empati og skjønnlitteratur. Her er nokre omgrep som er viktige å avklara i samanheng med empati og litteratur, blant anna «the empathy-altruism-hypothesis»

og «narrative empathy». Fleire omgrep vil fylgja, og vil verta forklarte fortløpande. «Narrative empathy» kan potensielt erstattast med forteljande empati. Hypotesane og teoriane Keen og fleire andre kjem med, som omfattar dette, går på korleis empati i forteljande tekstar fungerer i seg sjølv og påverkar lesarar. Empati-altruisme-hypotesen går ut på korleis empati kan føra til altruisme og prososial oppførsel. Den spesifikt litterære versjonen av hypotesen omfattar også korleis litteratur fører til empati, eller korleis empatien kjem frå litteraturlesing, som igjen fører til altruisme.

3.2.1 Empati og romanen

Empati er i samtidå vår eit slags moteord, som mange ofte forvekslar med sympati. Det kan vera ei følgje av at empati lengje var likt sympati, språkleg sett. Keen viser det viktige skiljet mellom desse omgrepa med eksempelet «Empathy: I feel what you feel. I feel your pain. Sympathy: I feel a supportive emotion about your feelings. I feel pity for your pain.» (2010, s.5). Eg er ute etter empatien, blant anna på grunn av forståinga det kan gje å vera plassert i nokon andre sin stad og kjenna det nokon andre kjenner. No skal eg sjå på Keen si skildring av korleis empati vert forska på, teoriane hennar om forteljande empati og korleis ho vurderer empathy-altruism-hypotesen. Keen har også utforma nokre hypotesar ut frå forskinga si på temaet skjønnlitteratur og empatisamanheng, som eg vil ta i bruk i analysen.

Det har vore kjent sidan Aristoteles at det å vita om andre si smerte, kan framkalla identifisering og deling av påverknad hjå oss (Keen, 2017, s.1284). No kan ein faktisk sjå det fysisk, ved hjelp av moderne nevrovitskap. Kva er linken mellom nevrovitskap, litteratur og empati? Framsteg i teknologi og forsking har gjort at ein nå kan sjå på nevron i hjernen, via fMRI at personar opplever empati. «Mirror neurons», speglnevron, i hjernen lèt oss kjenna andre folk si liding som vår eiga. Forsøk, der ein kan sjå speglnevrona verta aktiverde, og difor lysa opp, viser korleis empati fungerer i hjernen. Dette kan skje blant anna når ein ser nokon ein er glad i, få støt, eller viss ein sjølv har opplevd det før, og difor får den reaksjonen av å sjå det skje med nokon andre. Forskarar har allereie kome fram til at folk som skårar høgt på empati-testar, har spesielt travle speglnevron i hjernen. Skjønnlitterære forfattarar er ofte blant desse, og som gruppe skårar desse høgare enn den generelle befolkninga. Men det er ikkje lett å seia om dette er på grunn av ibuande eigenskapar, eller om sjølve skrivinga fører til betre «role-taking skills»(ibid, s.1297). Desse funna er spennande på mange måtar. Ikkje minst fordi ein då kan undersøka om forskjellane i speglnevron-aktivitet blant menneske kan endrast av eksponering og oppleving av kunst, læring og litteratur blant anna (ibid, s.1284).

Den relativt smale oppfatninga av empati ein finn i nevrovitkappen, er ganske ulik den ein finn hjå ein del andre instansar og i daglegspråket. Keen nemner at mange humanistiske instansar, blant anna politiske filosofar, lærarar, bibliotekarar, forlag og forfattarar, gjerne vil knyta saman opplevinga av empati i litterær form med utfall som endra haldningar, betre motiv og rettferd og meir omsorg. Dette synet på empati som ei slags løysing på alt humanitært, er mykje breiare, mindre spesifikt og meir «fuzzy» enn det nevrovitkapelege, skriv Keen (ibid, s.1285). Tanken er at viss lesing av skjønnlitteratur kan bidra til empatiutvikling, og på denne måten ei betre verd, er det ekstra viktig at unge les mykje. Sjølv om Keen også er einig i at skjønnlitteratur kan ha god effekt på mykje, blant anna empati, er ho meir skeptisk til den vidare slutninga, om at den empatien fører til prososiale handlingar og altruisme.

Keen er interessert i kvifor linken mellom narrativ empati og altruisme er så tynn, det er i følgje henne ikkje mykje konkluderande resultat på det. Ho ser på korleis interessa og empatien som er knytt til fiksjonelle karakterar i seg sjølve, kan kjennast ugyldige når det gjeld det verkelege livet, ettersom ein investerer kjensler og liknande **på grunn av** at det er fiksjonelt og ikkje ekte.

For a novel reader who experiences either empathy or personal distress, there can be no expectancy of reciprocation involved in the aesthetic response. The very nature of fictionality renders social contracts between people and person-like characters null and void....adult readers know that fictional characters cannot offer us aid. Similarly, we accept that we cannot help them out, much as we may wish intervene...We may feel intense interest in characters, but incurring obligations toward them violates the terms of fictionality. (ibid, s.1289)

Noko av det som kan gjera at terskelen er lågare for å kjenna empati for fiksjonelle karakterar enn ekte menneske, er både det ein investerer av seg sjølv i karakteren, og dette nemnt over om at ein veit ein ikkje får noko ansvar sjølv. Keen skriv at

Even the leap between reading and empathizing can fall short, impeded by inattention, indifference, or personal distress. Readers' cognitive and affective responses do not inevitably lead to empathizing, but fiction does disarm readers of some of the protective layers of cautious reasoning that may inhibit empathy in the real world. (ibid, s.1290).

Dette kan forklara korleis og kvifor det er lettare å setja seg inn i fiksjonelle liv og vanskar, enn dei ein ser dagleg på nyhenda eller i livet elles. Ein beskyttar seg sjølv i verkelegheita, men ettersom litteraturen ikkje er ein person som kan utnyutta svakheiter, kan ein vera meir open i tekstverda.

Når det gjeld kva slags forteljarteknikkar og forteljarsituasjonar som fungerer best, er litteratur med førsteperson-forteljar rekna for å framkalla meir kjensler enn tredjepersons-forteljingar. Likevel er det eit breitt spekter mellom ulike forteljingar og korleis forteljarmåtane er brukte, så det å berre setja desse to opp mot kvarandre, gjev ikkje nødvendigvis eit klart bilet (ibid, s.1292). I samanheng med empati er det to element ved skjønnlitteratur som oftast vert trekte fram som viktigast, nemleg karakteridentifikasjon og den forteljande situasjonen. Karakteridentifikasjon er naturlegvis ikkje ein forteljarteknikk, ettersom det skjer i lesaren i staden for i teksten, som den sistnemnde gjer.

Keen skriv også om korleis det kan vera vanskeleg å få empati for «den andre» gjennom barrieren av å vera fundamentalt annleis, og korleis me søker mest mot å vera med likemenn.

No specific set of narrative techniques has yet been verified to override the resistance to empathizing often displayed by members of an in-group regarding the emotional states of others marked out as different by their age, race, gender, weight, disabilities, and so forth. Human beings, like other primates, tend to experience empathy most readily and accurately for those who seem like us. (ibid, s.1290)

Viss eit mål med litteraturen skal vera empati og altruisme, så kan det jo vera viktig å finna ut kva slags, om nokon, narrative teknikkar som fører til dette. Det at folk som skårar høgt på empati-testar, kan visa til empatiske lesaropplevelingar, er noko ganske anna enn om det å få ei empatisk lesaroppleveling kan bidra til å endra korleis ein les, i tillegg til haldningar og motivasjonar både for lesing og livet. Som Keen skriv: «If novels could extend readers' sense of shared humanity beyond the predictable limitations, then the narrative techniques involved in such an accomplishment should be especially prized. (ibid, s.1290)

Keen avsluttar boka *Empathy and the novel* med refleksjonar rundt romanen, lesaren og kven som i grunnen har ansvar for å skapa betre menneske. Lengre nede vert dette kort diskutert med perspektiv også frå Nussbaum. Keen meiner at lesaren, som diskuterer med andre lesarar og opplever litteraturen, sjølv har makta til å gjera empati om til prososiale handlingar. «Readers, which is to say living people, bring empathy to the novel, and they alone have the capacity to convert their emotional fusion with the denizens of make-believe worlds into actions on behalf of real others» (2010, s.168). Ho understrekar også kor viktig læring er, ettersom perspektiv-aktivitetetar i klasserommet kan ha meir direkte altruistisk verknad enn romanen – blant anna på grunn av barrieren og ansvarsfråskrivinga mellom fiksjon og verkelegheita. Sist, men ikkje minst, påpeikar ho kor viktig det er å sjå på kva bøker som faktisk vert lesne og opplevde, heller enn dei kritikarar opplever som mest kvalitetssikra:

«...the fiction that novel-readers actually choose and recommend to one another ought to command our attention, whether or not it passes critical tests of significance or literariness.» (ibid, s.168)

3.2.2 Verdsborgaren og den narrative førestillingsevna

Martha C. Nussbaum har skrive mykje om både psykologi, litteratur og kjensler. Ho har stor tru på verdsborgaren og på korleis skjønnlitteratur kan verka inn på denne. I boka *Litteraturens etikk* er eit utval av tekstane hennar frå fleire ulike bøker og område samla, og der har fleire av desse tekstane eit fokus på korleis ein kan leggja til rette for verdsborgaren og den litterære føda hans/hennar, blant anna i undervisning. Dette gjer Nussbaum både gjennom skildringane om og av den narrative førestillingsevna, og om oppsedinga av samfunnsborgaren og dei moralske og umoralske kjenslene som er i spel her. Her vil eg trekkja fram nokre av Nussbaum sine drøftingar av desse to temaa som er nemnt ovanføre, både gjennom det å la seg rysta av litteratur og å verta eit betre menneske. Difor vil eg innleia denne delen med Irene Engelstad sine siste ord i innleiinga av *Litteraturens etikk*: «Vi må la litteraturen støte oss, forstyrre og forurolige oss. Da kan den forandre oss, kanskje gjøre oss til modigere mennesker.» (2016, s.22)

Gjennom Nussbaum kan me lesa av Rousseau om hans oppdikta elev at «Han må både se og føle den menneskelige nød...Ryst og skrem hans fantasi med farene som hvert menneske til enhver tid er omgitt av.» (2016, s.34-35). Ein må verta rørt, både med opplyftande og meir håplause tankar for å ta litteratur inn over seg og la seg påverka av det. Samtidig trur eg den «skremminga» som vert nemnt har mindre konstruktive konsekvensar, ettersom dette i større grad kan føra til «personal distress». Dette sistene mnde omgrepet kan omsetjast som personleg plage, fortviling eller angst, og er sjølvfokusert på smarta, heller enn utoverfokusert. Dette kan igjen føra til at ein vik unna det som er for mykje. Nussbaum skildrar så korleis den narrative førestillingsevna grunnleggjande kan førebu til moralsk samhandling:

Øvelse i empati og antakelser om andres sinn fører til en viss form for samfunnspartisjonering og en viss form for fellesskap: Det fremlesker en sympatisk mottakelighet for andres behov og en forståelse for hvordan omstendighetene former behovene, uten at respekten for atskilhet og privatliv blir borte. Grunnen til dette er at den litterære forestillingsevnen både bidrar til at vi engasjerer oss intenst i skjebnen til karakterene og definerer dem som personer med rikt indre liv, som ikke er fullt og helt åpent for omverdenen. (ibid, s.31)

Nussbaum er oppteken av korleis skjønnlitteraturen lèt oss sjå andre liv med engasjement og empatisk forståing, og ikkje minst: sinne over samfunnet sin manglande vilje til å sjå. Her kan

me trekkja linjer til Langer sine tankar og subjektiv forståing og førestillingsstadiet, der ein tek steget ut av tekstverda for å endra førestillingane gjennom litteraturen. Noko anna me kan gjera gjennom litteraturen, er å sjå korleis andre folk sine liv vert forma av forholda. Desse menneska kan ha nokre av dei same håpa og livsprosjekta som oss. Forholda bestemmer ikkje berre for handlingsrommet til menneska, men også kjensler og forventingar. Dette er viktig når ein tek vala ein må ta som samfunnsdeltakar, og Nussbaum fortset med å spørja om

hva slags litterære verk, og hva slags undervisning om disse verkene, skal våre akademiske institusjoner fremme for å dyrke fram et opplyst og empatisk syn på dem som er annerledes enn oss selv? Når vi stiller dette spørsmålet, vil vi oppdage at målet om verdensborgerskap best kan nås gjennom en litteraturundervisning som både føyer nye tekster til den velkjente vestlige litterære «kanon» og samtidig standardtekstene med et veloverveid og kritisk blikk. (ibid, s.29)

Fleire viktige emne i skulen dukkar opp i ulike fag, men med eit fagspesifikt perspektiv, naturleg nok. Seksualitet er eit viktig tema innanføre både naturfag og samfunnsfag, men vert framstilt ulikt og med ulike fokusområde og læringsmateriale. Norskfaget har ikkje som oppgåve å gje oss kunnskap om slike tema, men det er derimot her ein får innleving som inngang til temaet. Når det gjeld både seksualitet, abort, eteforstyrringar og liknande vanskelege tema, kan ein lesa mykje informasjon om saka og læra ein del om det. Det er likevel via skjønnlitteraturen og den unike innlevings-tilgangen det gjev, at ein primært kan læra av det og gjennom det. Der kan ein i større grad få moglegheita til å setja seg inn i andre sine situasjonar, og forstå vala dei tek i nokon grad meir enn før. Nussbaum skildrar det slik:

...det ikke er tilstrekkelig å samle seg kunnskap for å bli en verdensborger, vi må også dyrke vår egen evne til innlevelse, slik at vi blir i stand til å forstå andre menneskers motiver og valg og ikke betrakter dem som skremmende fremmed og annerledes, men som individer som deler mange av våre egne problemer og muligheter.(ibid, s.25)

Slik Keen drøfta lenger oppe, er det ekstra spennande korleis me med førestillingsevna kan sjå føre oss korleis det er for folk som har heilt andre livsvilkår enn seg sjølv. Då kan me finna ein inngang til å bry oss, gjennom å førestilla oss korleis det ville ha vore om det var våre eigne nære som hadde det slik.

I disse tilfellene er det derfor desto viktigere å skape et grunnlag for medlidenhet ved å oppøve forestillingsevnen gjennom å lese skjønnlitteratur – for om vi ikke kan skifte hudfarge, kan vi i alle fall forestille oss hvordan det er å ha en annen hudfarge, og ved slik å komme tett på et menneske med en annen hudfarge eller annen seksuell legning, kan vi forestille oss hvordan det er for en vi bryr oss om å ha nettopp et slikt liv. (ibid, s.34)

Det er viktig å sjå på forskjellen mellom det å lesa om nokon sine handlingar og tankar versus det å høyra det sjølv i verkelegheita, utan å få tilgang til noko av det indre hjå den som utfører handlinga. Det er også noko av det unike med skjønnlitteraturen. Gjennom å oppleva ein karakter sine tankar og kjensler rundt å ta därlege val, gjera feil og eventuelt oppføra seg därleg, får ein større forståing for menneske og handlingar ein potensielt ville fordømt heilt svart-kvitt. Nussbaum skriv:

når vi er i stand til å forestille oss hvorfor en person har handlet på en måte som vanligvis vekker en opprørt reaksjon, blir vi mindre tilbøyelige til å demonisere vedkommende og anse ham eller henne som utelukkende ond og fremmed. Selv om vi aldri vil greie å forstå handlingen fullt ut, vil bare det at vi stiller spørsmålet og forsøker å se for oss vedkommendes psykologi på samme måte som en god romanforfatter, virke som en motvekt til selvsentrert forargelse. (ibid, s.39-40)

Nussbaum og Keen er i stor grad veldig investerte i same felt. Der Nussbaum er meir idealistisk og sikker på empati-altruisme-hypotesen, er Keen meir måtehalden. Dei er mest ueinige i punkta om kor stor forskjell litteratur faktisk kan gjera, og kor mykje ansvar ein skal leggja på litteraturen. Der Nussbaum skriv at det ikkje er litteraturen si einaste oppgåve, men ei vesentleg ei, å gjera bevisste samfunnsdeltakarar utav folk, meiner Keen at ein må la litteraturen vera berre for glede, også. Ho argumenterer med at det er for stort ansvar å leggja både på romanen og empati, at ein forventar dei ilag skal forbetra mennesket (2010, s.168). I samanheng med *Av måneskinn gror det ingenting* og kva ein kan læra gjennom opplevingsinngangen av denne, tenkjer eg at denne romanen si rolle frå starten av har vore å rysta og læra folk til å meina noko, i tillegg til å bry seg. Samtidig kan ein, gjennom dei sterke inntrykka og kjenslene dei oppdriv, få kjenna på verdien lesaropplevinga har i seg sjølv, også.

Teorien eg har presentert her, både på skule- og didaktikksida og den litteraturvitenskaplege sida, gjev eit bilet av kor mykje ambisjonar begge stadene har om samanhengen mellom skjønnlitteratur og empati. Både danning og den subjektive og narrative måten å tenkja på, som er fundamentale for det menneskelege, går ut på det å setja seg inn i andre sine liv og kjensler, og veksa på det. Dei nye tverrfaglege emna ber også preg av å vurdera heilskapen av elevane meir, og med det ha eit større fokus på kjensleutviklinga deira og betydninga dette har for resten av mandatet til skulen. Nussbaum og Keen viser begge kor viktig det er å lesa skjønnlitteratur for å utvikla seg og evna til å setja seg inn i andre situasjonar, med alt som følgjer med det. I analysen vil eg ta føre meg fleire aspekt og moment av *Av måneskinn gror det ingenting*, som ved å verta sett på gjennom dei teoretiske brillene som har vorte presenterte her, kan få visa seg som dei viktige menneskelege hjelparane dei er.

4.0 Kort om romanen

Av måneskinn gror det ingenting av Torborg Nedreaas kom ut i 1947 og har mange merkelappar, blant anna «bekjennelsesroman», tendensroman, abortroman, «realismens poesi» og kjærleikshistorie. Mitt namn på denne romanen må verta kjensleroman eller lyskastarroman. Dette er både på grunn av kor heftig kjensler vert portretterte i denne romanen, og på grunn av måten han set lys på så mange sider både ved samfunnet og det indre i menneske og problema deira. Romanen har ein spesiell narrativ situasjon, med to rammeforteljingar rundt historia som vert fortalt, og to ulike forteljarar i desse rammeforteljingane. I den ytre rammeforteljinga møter me ein mann som har leita desperat rundt i byen i tretten dagar etter ei kvinne som fortalte han livshistoria si på ei natt. I den indre rammeforteljinga får me innblikk i denne natta, der mannen og kvinnen sit i stova hans. Historia ho fortel, vert jamleg avbrote av denne indre rammeforteljinga, av at kvinnen treng meir alkohol eller røyk, eller er redd og usikker på mannen si mottaking av historia. Me får ikkje vita namnet til verken kvinnen eller ein einaste person i familien hennar, i løpet av boka. Samfunnet som mesteparten av handlinga skjer i, er ein vestlandsby, der gruvesamfunnet er noko skilt frå byen, men begge stadene forventar at ein opprettheld status quo.

Historia til kvinnen går litt i rykk og napp, med nokre gjentakingar og fleire analepser og prolepser. Tida er difor eit puslespel i denne romanen, og ein får småe hint om at noko hende «et år etter dette», «det skjedde en stund før». Nokre delar av livet og historia får mindre plass, og størstedelen av romanen handlar om livet hennar frå ho var 17 til rundt 19, sjølv om glimt frå nokre år etter også er med, og me får litt innsikt i livet opp til notida. Dette er ei historie om ei ung kvinne frå enkle kår som er forelska i læraren sin, og som innleier eit turbulent forhold til han. Dette forholdet og konsekvensane rundt fører med seg mykje vondt, mykje på grunn av sosiale føresetnader og eit lite og fordømmande samfunn. Kvinnen vert verande i dette forholdet på ein eller annan måte heile livet. Mannen, Johannes, er forlova når dei startar forholdet, og vert også gift og far i løpet av tida. Den namnlause kvinnen er også gift på eit tidspunkt, men ikkje veldig lenge. Kvinnen har tre graviditetar, i alle fall som ho fortel om, og alle endar i illegale abortar. Denne romanen har vorte lesen som ein «fri abort»-roman, mykje på grunn av dei grusomme skildringane av illegale abortar og kor mykje vondt det fører med seg. Ønsket hennar om å kunna behalda ungane, den enorme smarta når ho ikkje kan det, «tordentalane» hennar om samfunnet og dei ufødde barna sine moglegheiter og rettar, kan vitna om eit ønske om ei større endring enn lovverket.

5.0 Analysen

Denne boka har mykje tolkingspotensiale, og både forteljarsituasjonen åleine, det politiske og kjærleksforholdet er moglege fokus. Ettersom eg ser på korleis denne boka kan bidra til empatiutvikling hjå elevar ved vidaregåande skule, mest tredje klasse, er det då fleire viktige aspekt ved romanen som ikkje har nok relevans for problemstillinga. Jamfør problemstillinga er det jo også naturleg at eg ser på blant anna kjenslene som ligg i romanen og kjenslene dei kan framkalla, då hovudsakleg med fokus på empati, engasjement og anna. Difor har eg valt å dela inn denne analysen i tre delar, som alle tek føre seg kjenslene i romanen, og mest korleis lesinga av romanen kan bidra til empatiutvikling hjå elevar i vidaregåande skule. Først ut er forteljarsituasjonen, der eg blant anna vil gå inn på korleis forholdet mellom mannen og kvinnen i rammeforteljingane viser og lærer lesaren korleis ein kan reagera på det som vert fortalt. Neste del handlar om hovudkarakteren og opphavet hennar, blant anna i samanheng med karakteridentifikasjon, og kulda og måneskinet som kjensleframkallande verkemiddel. Eg tek så føre meg tematikken, der eg tek opp blant anna abort, overgrep og «slutshaming», og korleis opplevinga av desse temaa kan føra til empati hjå elevar.

5.1 Forteljarsituasjon og kjensleopplæring

Dette er ein litt spesiell forteljarsituasjon, ettersom det er to rammeforteljingar, ei indre og ei ytre, der den ytre ofte avbryt den indre. Denne doble rammeforteljinga, måten dei to grip inn i kvarandre på og avbryt og det at historia vert fortalt til ein mann, var alle aspekt som vart kritiserte då boka kom ut og noko i ettertid, som resepsjonen i første kapittel viser. Begge forteljarane, i kvar si rammeforteljing, er «eg»-forteljarar, og er ikkje allvitande. Det er eit viktig forteljargrep at begge forteljarane kan fortelja og gje hint om den andre, utan å vera allvitande, fordi det då i mykje større grad liknar ein vanleg menneskeleg situasjon og interaksjon.

Eg vil vidare argumentera for kor viktig alt dette er for meininga med historia i det heile, men først og fremst kva lesarar kan få ut av det og korleis det kan føra til empati. I tillegg vil eg kort samanlikna lyttarposisjonen som mannen i den ytre rammeforteljinga og Morck i den indre rammeforteljinga har, ettersom lyttar-aspektet kan vera viktig, jamfør dei tverrfaglege temaa.

I denne romanen har denne mannlege lyttaren ein viktig funksjon. Det verkar naturleg, ettersom me vanskeleg hadde vorte fortalt historia utan at nokon hadde lytta på kvinnen. Men eg meiner det er særskilt viktig både at han er ein mann, og at samspelet og samtaleaspektet bryt inn i historia ho fortel med jamne mellomrom. Eg vil kopla dette saman med ei slags

«opplæring» i kjensler og reaksjonar. Kva har det å seia at både kvenna sine oppfatningar av reaksjonane hans, og hans eigne reaksjonar, vert presentert? Dette viser lesaren ein måte å reagera på og «lærar» han/henne kva kjensler som passar i augeblikket, som kan vera noko av meininga bak forteljargrepet.

Her er det Keen og Nussbaum skriv om korleis forteljingar og lesing lærer oss i og om kjensler sær relevant. Nussbaum ser på korleis barn og unge, lærer å gjenkjenna i seg sjølv og tillegga andre kjensler som er universelle og forståelege uansett erfaringg. Dette gjer dei gjennom moralske og samfunnsrelaterte sider ved litterære scenario, og dei kan også gjera det med meir komplekse kjensler som blant anna tapperheit, uthaldenheit og rettferd (2016, s.31-32). Keen skriv om det i samanheng med emosjonssmitte/smittande kjensler, og korleis dette heng saman med reaksjonane våre til forteljingar. Den som fortel, utnyttar måten menneske plar dela kjensler mellom oss via stemmer og ansiktsuttrykk som passar karakterar. Ho skriv at forteljaren også:

tacitly trains young children and members of the wider social group to recognize and give priority to culturally valued emotional states. This education does not create our feelings, but renders emotional states legible through their labels, and activates our expectations about what emotions mean. Narratives in prose and film infamously manipulate our feelings and call upon our built-in capacity to feel with others. (2017, s.1286).

Når ein les *Av måneskinn gror det ingenting*, er det jo ikkje som ei munnleg overført forteljing, men settinga er veldig lik. Heile den indre rammeforteljinga skjer i ei stove i løpet av eit avgrensa tidsrom, der ein fortel, og den andre vert fortalt. Måten lesaren får sjå korleis mannen reagerer på det kvenna seier, gjennom begge to, og korleis kvenna reagerer på å fortelja, gjennom mannen, får me likevel med oss store delar av settinga. Me får sett fleire sider av kvenna i løpet av forteljinga. Det er nesten som om det var ein allvitande forteljar ein stad, men det er nærare og meir betyd ingsfullt at det er ein faktisk lyttar som også fortel om det han ser av henne i «eg»-form. Viss ein tek utgangspunkt i slik kjenslesmitte som er skildra ovanføre, er det mykje å finna i romanen. Eg kjem til å ta føre meg både det den mannlege forteljaren seier om hennar og sine eigne kjensler og det kvenna seier om kjenslene hans. Deretter tek eg også opp tråden frå innleiinga om kvifor det er viktig at lyttaren i boka er ein mann.

Når det gjeld mannen sjølv og hans rolle, får me i grunnen lite innsyn i livet og kjenslene hans, men meir korleis han ser henne og kva han ønskjer å kunna gjera for henne. Det er tydeleg at funksjonen hans i romanen ikkje er å vera trekkplaster i seg sjølv. Dei fleste av

reaksjonane han deler sjølv, dreier seg i grunnen ikkje om kjensler. Dei er meir knytt til tilstanden hans, eller korleis han sjølv oppfører seg relatert til kvinna og verkelegheita dei er i. Den første skildringa lesaren får av opplevinga hans, er frå før dei kjem til huset hans og kvinna startar å fortelja. Før ho byrjar, er han meir delaktig i forteljinga, noko som gjev mening med tanke på at det er han som er forteljaren i den ytre rammeforteljinga. Alt me då ser er gjennom hans auge. Han seier:

Noen kan snakke om kunst eller litteratur eller fortelle en interessant anecdote som en hører på, men som ikke kommer lenger enn til hjernen, til bevisstheten. Men det kan også gjøres slik at det som blir sagt smyger seg inn gjennom huden på en og lar en oppleve noe med sitt eget innerste. Denne piken snakker om klær på tørk og sol og et lite hus, slik at det angikk meg, hun ga meg en stemning med det, som gikk inn i blodet mitt og var noe jeg opplevde. Det er derfor jeg må stanse opp og tenke også på dette, jeg må leve det igjen fordi det åpnet en dør på gløtt til dette mennesket som jeg ikke kjente. (Nedreaas, 2006, s.9)¹

Her skildrar mannen, klart og tydeleg, korleis han opplever det ho fortel, sjølv om det er relativt lite viktig. Det kan vera noko med språket hennar, innlevinga eller settinga. Han får tilgang til kjenslene og tankane hennar, berre av at ho fortel om ønske om nabolag. Relativt små ting kan ha store utfall, og dette er også ein invitasjon til lesaren til å underbevisst ta til seg det kvinna seier med same intensitet som mannen gjer. I løpet av dei neste cirka 55 sidene får lesaren «sjå» han reagera på fleire aspekt ved historia til kvinna. Dei fleste avbrytingane frå den indre rammeforteljinga inn på historia som kvinna fortel, skjer som pausar der det blant anna vert lagt merke til at han skjenkar meir i glaset hennar, ho finn fram ein røyk, ho skrur på radioen og han lagar te og skrur på varmen. Både i løpet av dei første cirka 64 sidene, og dei neste 150, hender fleire pausar på denne måten. I tillegg får lesaren innblikk i korleis mannen i lyttarolla må halda seg fast i stolen då kvinna fortel om blodstripene/blodflekkene som følgde der Grube-folk gjekk (*ibid*, s.56). Lesaren får også innblikk i korleis mannen kjenner hjartet hamra mot ribbeina då ho fortel om når ho som 17-åring forfører sin tidlegare lærar, som forlét henne etterpå (*ibid*, s.28). Me får også sjå korleis han kjenner pulsåra si då ho fortel om hendinga ved ungdomshuset, der ho må kjempa seg frå eit overgrep (*ibid*, s.50), og korleis han held orda sine inne, av angst for at ho ikkje skal fortelja meir, etter ho har fortalt om familien og tinga sin tilstand oppe i arbeidarbydelen Gruben (s.64). Han verkar heile tida å vera lei for at det ikkje er meir han kan gjera for henne, og steller nok difor så godt som mogleg med henne. Etter at ho har starta å fortelja om den første gongen ho har sex med

¹ Fotografisk kopi av original bok som vart utgjeven i 1947

Johannes, den tidlegare læraren, og det kjem eit nytt kapittel og difor ein slags pause, skildrar mannen tankane sine slik:

Svimle skygger av solpletter i en ung bjerkeskog og et duftende teppe av hvitveis
danset i hjernen min, vevd inn i bildet av en ung pike som lå på ryggen med
hvitveis i foldede hender. Og briller på nesen. Jeg kjente duft av hvitveis og
skogbunn (ibid, s.26).

Han drøymer på ein måte vidare på det ho har fortalt, men som enno ikkje har vorte så gale. Dette er ein stemningsfull, nesten koseleg dagdraum, som lesaren også kan verta med på. Det vert då endå meir hjarteskjerande når ein les vidare, og alle dei nye erfaringane krasjar med den unge jenta som plukka blomar i sommarskogen med kjærleksstolne briller på nasen. Samla sett underbygger alle desse innblikka frå den mannlege forteljaren at han skal visa lesaren korleis å lesa, reagera, føla og oppleva, fram til lesaren greier det på eiga hand, med tanke på at historia er så vond som ho er.

Det er interessant at frå side 65 av, så inneheld ikkje dei korte avbrekka noko om korleis han kjenner det, berre skildringa av utsida: kva lydar, lys og alt som er. I tillegg dukkar det opp skildringar av korleis kvinna ser ut og korleis ho ter seg. Men korleis han reagerer på det, som har vore til stades i nesten kvar av einaste av sekvensane hans på sidene frå start til då, er borte. Då kan ein igjen sjå på dette med læring og det med å koma inn i boka. Med tanke på at boka i stor grad består av analepser og prolepser, er nok mykje av innhaldet som me kjem til å oppleva i boka, allereie presentert innan då. Lesaren veit ein del om bakrunnen hennar, opplevelingane og traumene, har indirekte vorte fortalt historia, og har fått «opplæring» frå mannen ein del gonger allereie, og skal no greia seg sjølv resten av boka, fordi grunnlaget er lagt. Me får enno sett nokre av reaksjonane hans frå det ho seier, men han er taus om det. Kanskje det er slik at når rolla hans har lært lesaren å reagera, oppleva og ta inn over seg det kvinna fortel, tek han eit steg tilbake og lèt lesaren gjera det på eiga hand i resten av boka.

Eitt av dei første møta me får med mannen sin reaksjon gjennom den kvinnelege forteljaren, er då ho åtvarar han om at ho vil sjå han bleikna, at historia er blod, slim og materie, og ho nemner at han rynkar på panna (ibid, s.16). Reaksjonen hans er sannsynlegvis relaterbar for lesaren, ettersom ein spontant fort ville ha reagert med ansiktet også på desse orda åleine. Ikkje lengje etterpå vil ho bekrefa at han verkeleg vil høyra på, ho treng å vera sikker. Sidan me ikkje ser det potensielle svaret, aukar det kjensla og stemninga av at det er me som sit og vert fortalte dette, at ho kommuniserer med oss – at me er sikre på at me vil og treng lesa vidare, ettersom det er ei vanskeleg historie ho skal fortelja. Litt seinare avslår ho at ho grin

og skuldar på røyken, som indikerer at han stiller spørsmål me ikkje får tilgang til. Slik ser me henne utanfrå, sjølv om det berre er ho som har ordet. Det motsette skjer også, etter at ho har fortalt om første gongen ho låg med Johannes, og ho slit med å setja ord på korleis ho kjende det. Då spør ho om han forstår, kanskje for å sleppa å leita etter ord til å forklara (ibid, s.28). Ho bekreftar så at han gjer det, utan at me får noko svar frå mannen. Det at dette vert bekrefta, utan avbryting frå han eller andre indikasjonar, og forteljinga går vidare, kan gjera at lesaren automatisk tek inn over seg desse små hinta om kva lyttaren kjenner, og kopierer dette. Ein vert til lyttaren, medan ein rynkar på panna og forstår kva ho meiner, og etterkvart kan reaksjonane innarbeidast i sitt eige reaksjonsmønster.

Etter at ho har fortalt om då ho vart forsøkt valdteken, merkar ho seg at augo hans ser ut som dei aldri skal lukkast igjen (ibid, s.52), og ein kan tenkja seg kor mykje det har gått innpå han. Eg har sjølv aldri greidd å gløyma det eg har lese i denne boka. På ein stad i boka fortel ho om tilstanden i heimen, hjå familien, som eg skal koma tilbake til etterkvart:

Dette skjønner ikke du. En slik atmosfære føler ikke du. For du kjenner ikke luften på et slikt sted hvor du aldri har levd selv, du kjenner ikke den angst som henger som kveldståke rundt veggene på et slikt hus – angst for i morgen.» (ibid, s.57)

«Du»-forma her er tydeleg retta mot mannen som lyttar til historia. Men igjen er det likevel lesaren som kan kjenna seg titulert, og nesten skulda. I tillegg, ved å bruka denne tiltaleforma, i staden for «byfolket» eller liknande, vert det så mykje nærmere og sannsynleg at det er ein sjølv som lesar som vert snakka til. Ein kan nesten kjenna det, sjølv om ein aldri har levd det, fordi ein føler så iherdig med henne. Når ho fortel om det andre forsøket på den første aborten ho går gjennom, som inneholdt realistiske skildringar på legekontoret, kan ein sjå på det ho seier til mannen, at han reagerer.

Du er så blek? Jeg vet jeg er brutal nå. Menn liker ikke å høre om slikt. Dere skal vite dette. Dere skal vite hvordan det kjennes når en ligger på den der skrekksuste benken hos doktoren og han graver inn i en og sliter og kryster og driver hele livmoren. (ibid, s.113)

Dette er også ein fin inngang til neste aspekt ved dette, nemleg viktigheita av at det er ein mann som er lyttaren. I den verkelege hendinga som boka skal vera basert på, var både forteljaren og lyttaren, altså Nedreaas, kvinner. Fleire kritiserte, som nemnt i første kapittel, at lyttaren vart mannleg i boka, ettersom det var mindre feministisk osv. Men slagkrafta og påverknadskrafta ein får ved det grepet, er mykje sterkare. Viss begge hadde vore kvinner, hadde det vore endå lettare for dei som prøvde å klassifisera det som berre ei kvinnebok. Det kan ligga mykje makt i det, og det er veldig viktig at det finst litteratur for og med kvinner,

der problema deira også vert sette under lupa. Dette er samtidig ei sak som heile samfunnet og samtidia, både då og nå, bør verta påverka av. Mykje av det som skjer berre med kvinner i verda, for eksempel menstruasjon og abort, har menn hatt, og har enno, for lite kjennskap til, mykje på grunn av at det har vore og er tabu rundt det, også hjå kvinner. I boka kjenner kvinnene til måtar å stoppa graviditetar på, som dei ikkje har råd til, på eine eller andre viset. Det vert fortalt mellom kvinnene, og dei får ikkje opplæring. Mora til kvinna i boka piner seg sjølv gjennom det gong etter gong, fortel kvinna, og takkar Gud for at det ikkje vart barn av det, og faren i huset går med skuldkjensle. Likevel skjer det gong på gong, og prevensjon er ikkje eit tema ein gong. Det er berre i ekteskapet at seksuelt samkvem ikkje er ei synd, men kvinne fortel at det vert ei synd av at ein må ta desse grepa gong etter gong. I dag er sjølvsagt seksual- og reproduksjonsundervisninga mykje endra, men det er likevel eit omstridt og tabubelagt tema, noko som er forståeleg. Det er utvilsamt viktig at alle partar har nok kunnskap og innleining i dette, til den dagen det potensielt rammar ein sjølv og nære.

Berre det siste sitatet i seg sjølv viser klart kor viktig det er. Ved at det er ein mannleg lyttar, kan ho bruka «dere» etter å understreka at menn ikkje liker å høyra om dette. Slik me såg korleis «du» kan fungera lengre oppe, som tiltaleform både til den mannlige lyttaren og til alle lesarane, fungerer det likt her. Det er eit hardare slag i magen, og ein vert meir «tvinga» til å ta det innover seg, når nokon ein har vorte litt kjent med, tiltalar ein. Ved at mannen heile tida anerkjenner historia hennar og hjelper henne til å kunna fortelja alt, viser han ein måte å vera ein god lyttar på. Romanen viser både menn og kvinner som har det vanskeleg, men det er mest det som rammar henne sjølv, som me får vita at han reagerer på. Dette kan også speglar verkelegheita, der det hovudsakleg også er ein representant for lidinga, som ein føler mest for, sjølv om ein veit at det finst mange som den personen i verda elles. Det kan handla om krig, tortur, eller andre hendingar, og ein kan kjenna personen eller ikkje. Kvinna i romanen seier også at viss det var berre ho som opplevde det, skulle ho ikkje vore så opprørt, men det var det at det skjedde med så mange overalt. Men det er ikkje desse «mange» ein har eit forhold til, det er ikkje sinnet deira ein ha fått kikka inn i, og slik fått sett kvifor og korleis dei går gjennom liva sine, slik ein får gjera gjennom skjønnlitteraturen. Ein får, så nær det lèt seg gjera, gå ei mil i nokre andre sine sko.

5.2 Karakteridentifikasjon og kulda som kjensleframkallande verkemiddel

Karakteridentifikasjon er eit av aspekta ved skjønnlitteratur som ein relaterer mest til empati. Dette skjer i lesaren og ikkje i teksten, og eg vil sjå på korleis karakteridentifikasjon og

karakteren generelt kan bidra til empatiutvikling hjå elevar. I tillegg vil eg sjå på korleis kjensletilstandane til kvinna er eit kjensleframkallande verkemiddel i seg sjølv.

5.2.1 Karakteren og situasjonen hennar

I den litle byen der store delar av handlinga skjer, er jantelova sterk. Ein skal halda seg til det ein kjenner til, og ikkje oppföra seg annleis enn forventa og heller ikkje gjera mykje vesen utav seg. Ein skal ikkje vera for stormannsgalen eller ha draumar høgare enn statusen sin i grunnen, og ikkje minst – viiss ein er ein respektert (mannleg) lærar, som til og med sit i kommunestyret, så kan ein koma seg utav det meste. Kvinna sjølv forklarar det med to ulike metaforar, først med havresuppe – der alle havregryna smakar likt, og ho kunne vorte godkjent om ho var ei sviske eller ei rosin, ho hadde hatt ein plass i alle fall – og deretter med ein hekk av tre. Når det gjeld havresuppa, forstår ho seg sjølv som eit peparkorn, som ein i havresuppa med ein gong merkar ikkje høyre heime og rynkar på nasen av. Ho inkluderer også Johannes spesifikt i tre-metaforen for å visa korleis gruppepresset/janteloven og jaget etter høgare status kan påverka tilhørsle. Der dei andre trea har vorte likt klipte og skorne, er det eit tre som stikk heilt ut og ingen kjenner, og som hagesaksa ikkje bit på. Det er henne. Johannes er inst inne ei osp, med kraftig stamme og skjelvande blad, men har late seg klippa likt som dei andre trea, for å passa inn. Gruvebyen Gruben, der ho veks opp, skildrar ho som eit relativt sørgeleg kapittel, og ho trur ikkje mannen i rammeforteljinga kan forstå korleis ein slik stad kan merka ein for alltid. Jamfør Keen sin hypotese om korleis ein tekst sin tilfeldige relevans for lesaren sine eigne sosiale omstende kan auka empatien, kan dette vera ein god inngang for elevar med liknande erfaringar med husstand og småby. Dette er ikkje nødvendigvis likt som situasjonell empati, som handlar om ei gjenkjenning av tidlegare erfaringar. I denne situasjonen legg ein opplevinga si av liknande sosiale omstende ilag med den nye opplevinga i førestillingsverda, og byggjer vidare på dette. Det vitnar om meir utoverenkning enn situasjonell empati, som er vendt meir innover.

Kvinna sjølv kan i grunnen skildrast som ein karakter med mange usympatiske trekk, som tek fleire lite gjennomtenkte val og gjer feil. Ein skulle kanskje trudd dette gjorde det vanskelegare å kjenna empati for henne, sidan ho ikkje viser så mykje dyp. Likevel skin det så grunnleggjande menneskelege i henne gjennom, kanskje nettopp **fordi** ho gjer så mykje «dumt». Lesaren kan sannsynlegvis kjenna seg sjølv meir igjen i henne, i staden for å sjå ei ønskeleg utgåve av seg sjølv i nokon, og ser då ei familiær sjel. Kvinna seier blant anna opp arbeidet sitt, fordi dei ikkje lèt henne få fleire fridagar når ho skal på ferietur med Johannes,

noko som er skummelt for ei kvinne med arbeidarbakgrunn og (ufortent) därleg rykte. I tillegg degraderer ho seg sjølv på mange måtar i forholdet til Johannes og andre, samtidig som ho har ei stoltheit som ikkje kan rokkast ved.

Eit aspekt som seier noko om kvinna, men også potensielt noko om Nedreaas sine empatiske strategiar, er korleis verken kvinna eller nokon i familien hennar vert omtalte ved namn. Det nærmaste ein kjem er Veslegut, ungen til søstera, men det verkar berre å vera kallenamnet hennar på han. Kjærleiken hennar til den ungen, og tankar om uskulda til barn, kan vera med på å gjera han til eit unntak frå regelen. Keen skriv nemleg om namn og karakteridentifikasjon, at eit namn kan vera nok til at ein byrjar å få empati for karakteren, men det kan også det å halda namnet tilbake vera (2010, s.94-95). Kvinna viser gjennom heile livshistoria ei forakt og ei skam over det ho kjem frå. Ho hatar korleis folka frå Gruben ikkje higar etter noko meir, men berre slit seg sjølv til døde utan ambisjon. Ho hatar også maset om därleg råd, og korleis kyrkja og samfunnet styrer synet på giftarmål, sex og graviditet. Dette kan vera ein grunn til at ho held tilbake desse namna, ho vil ikkje heilt vedkjenna seg det ho kjem frå eller relatera seg til det. Alle andre karakterar som dukkar opp fleire gonger og har ein innverknad på historia, utanom mannen i rammeforteljinga naturlegvis, får me vita namnet på. Johannes, Morck, Svanhild, Mohn, fru Nilsen og så vidare.

Keen sin hypotese om karakteridentifikasjon går ut på at «character identification often invites empathy when the character and reader differ from each other in all sorts of practical and obvious ways.» (ibid, s.70). Elevar på vidaregåande som les denne romanen, vil vera rundt same alder som hovudkarakteren, og kan kanskje kjenna seg noko igjen i erfaringane hennar. Likevel vil dei vera ulike henne på mange praktiske måtar, både med tanke på kjønn for cirka halvparten av klasserommet, og fordi handlinga er sett minst 80 år tilbake i tid. Mykje av det karakteren er tufta på er med andre ord mindre relevant for elevar i dag. Keen skriv også at “If an author wants intense sympathy for characters who do not have strong virtues to recommend them, then the psychic vividness of prolonged inside views will help him” (ibid, s.96). Det er altså viktig at kvinna fortel sjølv, slik at ein vert godt kjent med henne, også utanføre ein del av dei «negative» sidene ho presenterer ved seg sjølv. Ho fortel om korleis ho lèt vera å hjelpa til heime, og gjorde seg kald og kjenslelaus då ho tok godane frå heimen ved at foreldra måtte bruka pengar på å senda henne på realskulen. Kulda ho skildrar her, fører oss over til neste del, om kulda og måneskinet som kjensleframkallande verkemiddel.

5.2.2 Kulda og måneskinet

Spelet mellom kulde og varme og einsemd og kjærleik er ein stor del av denne romanen sitt kjensleframkallande potensiale. Her kjem også måneskinsbiletet inn, som koplar tematikken til boktittelen og som dukkar opp jamt og trutt gjennom heile romanen. Først vil eg visa nokre eksempel på kulda og varmen, og korleis desse vert knytte til hendingar av einsemd og kjærleik. Deretter fokuserer eg på måneskinet sin funksjon, og kva det kan læra lesarane om kjensler og engasjement.

For å visa kor tidleg ho søkte fråværet av kjensler, og då også fråvær av vondt, fortel kvinna om då ho gjorde seg kald overfor familien for å ikkje verta påverka, då ho fekk ta realskulen, men med det tok alle ekstra pengar frå familien. Dei vidare nemningane av kulde er i samanheng med einsemd, angst eller kjensleløyse. Det ser ein også i sekvensen med scena på ungdomshuset, som vil verta analysert i neste del. I den scena vil ho leppa den kalde einsemda, men endar opp med ein isklump av angst. I tida systera hennar har kjærast, vert ho skildra som varm og glad, og då hatar kvinna henne fordi ho er så lukkeleg, medan ho sjølv ikkje får kontakt med Johannes. I scena der systera er lei seg fordi ho ikkje får sett guten, ettersom foreldra ikkje liker han. Då forventar systera at kvinna skal halda med henne, men ho er kald som is og vender henne ryggen, «for jeg ville heller ha grått hennes tårer enn frosset min egen kulde.» (Nedreaas, 2006, s.40). Ho vil heller ha sterke kjensler som kan gjera vondt, enn å vera einsam og utan nokon. Då kvinna og Johannes er på ein hemmeleg ferie ilag, vekke frå byen og alt som er, då kyssar dei i lukta av varm jord, og ho kjenner ingen kald skugge av einsemd i seg.

Desse kjensleskildringane kan påverka lesaren på mange måtar. Ettersom det er handfaste kjensler, og gjentakande, lærar ein fort å kopla det opp mot kvarandre. Det kan også på mange måtar gjera det lettare å skildra eigne kjensler, med koplingar mellom korleis kjenslene vert opplevde fysisk og psykisk. Som eg argumenterer for både i første analysekapittel og nedanføre her, er kjensleopplæringa denne romanen kan gje, veldig viktig i seg sjølv.

Å ramsa opp alle gongane måneskinet dukkar opp i boka, ville nesten ikkje vera mogleg, og heller ikkje hensiktsmessig. Likevel er det eit viktig grep. Måneskinet i romanen har tidlegare vorte tolka på fleire måtar, og ein har også litt hjelp på vegen ved å sjå korleis Morck skildrar det:

Da så han på meg med et lite smil, fullt av bitterhet. Han så på månen og på meg, og han med en dødsens trøtt stemme: Menneskene er så svake for måneskinn. Der

blender dem ikke. Det brenner dem ikke. Så gikk vi og tidde, lenge. Da vi skiltes, sa han: Av måneskinn gror det ingenting. (ibid, s.138).

Litt seinare, seier kvenna seier ho byrja tenkja på det Morck sa medan Johannes, som ho har vore glad i heile sitt liv, låg ved sida av henne og snorka, og ho vart gripe av forbitring mot situasjonen og livet.

Han er alle de kreftene som jeg har forspilt i livet. For det er som gjør at menneskene tuller slik, det at de lar verden gå sin skjeve gang og lever i sitt eget måneskinn og kan ikke se det, vil ikke se det: Måneskinnet er bare en kald refleks av sollyset. (ibid, s.201)

Eg tolkar måneskin og solskin som ulike sider av engasjement, kjensleinvestering og å stikka seg fram. Menneska i byen der vert skildra av kvenna som ein slags uniform masse, med nokre unntak, som for eksempel Morck. I måneskinet er folk tilfredse med det dei har, stikk seg ikkje fram, torer ikkje gjera noko annleis enn flokken, gjer ikkje noko nytt og ukjend, og utfordrar dei ikkje til å kjenna/føla noko voldsomt. Eg får med ein gong også løgn og vekkgøyning assosiert med måneskinet, grunna fleire scener der det som skjer er ei slags fullbyrding av livsløgnene som samfunnet er fullt av. Blant anna, når kvenna i romanen fortel om forsøka på den første aborten sin, nemnar ho korleis ho tok ei pille, og deretter skulle tyna kropen så mykje så mogleg. Ho hoppar blant anna utanføre hønsehuset, noko som ikkje hjelper. Det vert poengtert at det er måneskin når ho gjer dette, og det ho prøver på er jo ulovleg, men nødvendig for å oppretthalda «løgna» eller det falske synet samfunnet har på graviditet og ekteskap. Når Johannes møter henne på kaia etter dei har vore på ferie ilag (ho tok ein seinare båt for at dei ikkje skulle verta oppdaga), følgjer han henne heim, og dei går tett ilag, sjølv om alle kan sjå. Det er nattestid og måneskinet følgjer dei heim. Sjølv om det nok der og då kjennest ut som ei nydeleg sigersoppleving for kvenna at dei kan gå ilag, vitnar måneskinnet om noko anna. Forholdet deira er gøymd frå samfunnet, og inneheld sine doser løgner. Det er heller aldri opent og reelt, men skjuler seg i måneskinet.

Det motsette, solskinnet, vil då kunna både blenda og brenna ein, slik det gjer med kvenna i romanen. Ho stikk seg fram og er annleis enn dei andre, ho er ikkje tilfreds med livet og søker noko anna, og ho våger å vera i eit kjærleiksforhold som gjer vondt, men som også har mykje lidenskap. Denne kvenna kjenner alle kjensler så sterkt, og vert brent for det, men samtidig skjer det noko. Det gror jo sånn sett ikkje allverda synlege ... av forsøket hennar, ho endar opp med ein kreftdiagnose, som godt kan ha ein samanheng med dei illegale abortane hennar. Likevel har ho våga seg ut i sollyset, og slik ho verkar å ha inspirert mannen i

rammeforteljinga, kan ho då også inspirera elevar og andre lesarar til å gjera det same. Det kan det gro mykje av.

5.3 Tematisk

Det som går igjen når det gjeld tematikken, er at det handlar om vonde opplevingar og mykje kjensler. Difor vil eg ta føre meg kva dette relativt «negative» fokuset har å seia for lesaren når det gjeld lesaroppleving og empatiutvikling, før eg analyserer tematikken rundt abort og overgrep og «slutshaming» meir inngåande.

5.3.1 Negative kjensletilstandar

Hovudkarakteren i romanen har ei særsla traumatiske livshistorie, tross at ho berre er 38 år gammal. Dei sjeldne augeblikka med skikkeleg glede og avlasting ho opplever, er ofte også i samanheng med det verste ho opplever, eller i samanheng med personane som også er knytte til det verste. Difor ligg mykje allereie til rette for at lesaren skal oppleva empati for hovudpersonen, jamfør Keen sin hypotese om negative kjensletilstandar: «...empathetic responses to fictional characters and situations occur more readily for negative feeling states, whether or not a match in details of experience exists...» (2010, s.72). Altså er det naturleg at lesaren i større grad vil respondera empatisk på denne boka og liknande bøker som tek føre seg vanskelege tema og/eller lidande karakterar. Nokre av temaa og aspekta ved denne romanen vil nok ein del elevar i vg3 ha ei viss, om enn litt fjern, erfaring med. Eksempelvis er einsemd, fordommar, sladder, vanskeleg kjærleik, overgrep og «slutshaming» noko som er mogleg å finna att i tenårings-diskurs og miljø. Desse elevane er då tross alt like gamle, og eldre, enn kvinna i denne romanen var då det meste i boka skjer. Dei fleste har ikkje nødvendigvis direkte erfaringar å ta av, heldigvis, kan ein seia, men ut ifrå hypotesen vil ikkje det vera eit stort problem, ettersom ein «automatisk» føler meir for sårbare og negative kjensler.

Vidare reflekterer Keen over korleis fiksjonsmomentet kan gjera at ein får utforska negative kjensletilstandar uhindra. Utanføre fiksjonen og tekstverda kan dei negative kjensletilstandane me ser hjå andre og oss sjølve, oftare verta undertrykte eller unngått av personlege grunnar. Slike refleksjonar gjer også eg meg, og blant anna kan ein grunn vera kor plutseleg negative saker kan dukka opp i verkelegheita, utan oppbygginga og relasjonen ein nødvendigvis har i bøker. Det kan også handla om kor mykje me deler av oss sjølve med andre. Saman med andre folk i verkelegheita, kan murane gå opp for å beskytta oss sjølve mot inntrykka og frykta for at det skal skada ein sjølv. I lesinga slepp ein ned desse murane noko, fordi ein veit

dei tragediane som rammar i litteraturen, ikkje rammar seg sjølv i dette augeblikket. Samtidig kan den opplevde medkjensla føra til at ein anerkjenner at det som skjer med nokon andre, også kan skje med ein sjølv, og at ein sjølv er sårbar for lidingar, skriv Nussbaum (2016, s.32). Desse to syna går ikkje på tvers av kvarandre, men er heller komplementære. Dei viser korleis ein slepp ned murar som hindrar ein i å la seg verta påverka av andre sin smerte, og samtidig tek inn over seg vissheita om si eiga sårbarheit og sin eigen likskap med personen. Det gjer at ein kan bruka den vissheita som ein får ved å lata seg sjølv føla som og føla med andre si smerte, til å møta andre på nye måtar eller forstå og takla seg sjølv betre når ulukka er ute. Ved å ta inn over seg reaksjonane og måtane det hender på spesifikt i denne romanen, kan ein forstå betre korleis ein sjølv og andre vert påverka av kjensler.

5.3.2 Abort

Det er ikkje nødvendigvis så mange av ungdommane i eit klasserom på vidaregåande som har mykje kjennskap til abort, verken teoretisk eller praktisk. Men det er sannsynleg at dei i løpet av livet kjem til å få kjennskap til det, om det gjeld provosert eller uprovosert, og om det gjeld seg sjølv eller nokon nære. Det kan vera relativt fjernt å lesa om det no, samtidig som det er særrelevant og viktig at dei gjer det. Å kunna ta opplyste og godt gjennomtenkte livsval som er grundig festa i både informasjon, engasjement og kjensler, og å hjelpa, støtta og forstå andre i liknande situasjonar, er viktig heile livet. Eg vil ta føre meg korleis abort vert snakka om i boka og sjå på kva det har å seia for empatiutvikling.

I *Av måneskinn gror det ingenting* er dei fleste skildringane rundt aborttematikken sterke og klare. Dette gjeld både for skildringane rundt kvifor kvinner tek abort, korleis dei gjer det og kva som skjer med dei som lét vera. Ein kan kjenna igjen lite av det praktiske i vår eigen kvardag: barn fødde utanføre ekteskap må ikkje haldast inne heile livet fordi ingen vil verta «smitta», folk flest i Noreg får ikkje så mange barn at dei ikkje merkar om nokre av dei vert påkøyrd, og sjølvbestemt abort innanføre visse rammar er det brei oppslutning om. Det gjev skildringane ekstra kraft, ettersom det er ukjende fenomen som den unge lesaren vert opplyst om. Noko vert fortalt av hovudpersonen med eit sinne og liding frå hennar side, ho rasar mot kvifor og korleis ting skjer. Andre aspekt igjen vert fortalt nesten som om ho er trøytt av det, som om det ikkje er mogleg for henne å verta opprørt over det lenger. Sjølv om Nedreaas i si samtid nok ønskte å setja fokus på saka og påverka folk til å bry seg, var ikkje situasjonen i seg sjølv heilt ukjend for dei. At nokon skildra det slik og sette det ned på papiret, var sterkt kost i seg sjølv. Hendingane er fjernare for lesarar i dag, noko som kan gjera det både lettare og vanskelegare å engasjera seg i det.

Den scena som har fått flest reaksjonar i romanen, er nok strikkepinne-aborten kvinna utfører på seg sjølv. Her får me først innsyn i korleis ho utfører det, ned til minste og mest vonde detalj, før det kulminerer i sjølve utstøytinga av fosteret, medan ho sit i kyrkja og høyrer Morck sin brusande og sterke orgelmusikk. Ho smyg seg ut av kyrkja med blodspor etter seg, og gravlegg det little fosteret i ei allereie eksisterande grav på kyrkjegarden. Denne scena, eller scenene, er særslig ubehagelege og kjensleframkallande, mykje fordi språket er så direkte og ikkje legg noko bak. Difor er det særslig viktig å ikkje berre trekkja ut dei mest hardtslåande sitata eller passasjane frå boka, om ein skal bruka det i undervisninga. Når relasjonen mellom leser og karakter ikkje eksisterer, bryr ein seg mindre om karakterane og historia, og ein står i fare for å berre oppfordra til personleg fortviling, som ikkje fører nokon veg.

Det er dette Keen kallar «personal distress», som kan omsetjast til personleg angst, fortviling og plage. Empati som fører til sympati, er retta mot andre, medan den overopphissa empatiske responsen som fører til denne personlege fortvilinga, er meir sjølvsentert og med avsmak (Keen, 2010, s.4). Viss ein for eksempel hadde lese scena, utan konteksten og relasjonane resten av romanen gjev, hadde den smerta ein kjende hovudsakleg vore fokusert på ein sjølv. Dette er både fordi ein ikkje nødvendigvis hadde hatt nokon andre å «gje» smerta til, utan relasjon til nokon i romanen. I tillegg ville ein i sjølvforsvar ha fokusert mest på seg sjølv, etter at kroppen og psyken opplevde smerte som ikkje var si eiga eller som ein ikkje hadde oppsøkt sjølv. Denne responsen kan ha fleire konsekvensar, blant anna at «The novel reader discomfited by empathic overarousal might well simply stop reading and might avoid similar fiction in the future.» (ibid, s.19). I staden for å føra til meir forståing, sympati og engasjement rundt eit omstridt og vanskeleg tema, kan ein slik enda opp med å ikkje kunna ta stilling til temaet eingong. Desse sterke abortskildringane er altså enormt viktige, men treng å verta lesne saman med boka som heilskap, for å utøva sitt påverknadspotensiale.

Abortskildringane, både dei spesifikke hendingane og korleis dei vart snakka om gjennom boka, var nytt og uvant då romanen kom ut. Her er Keen sin hypotese om korleis «Unusual or striking representations in the literary text promote foregrounding and open the way to empathetic reading» (ibid, s.87) relevant. Måten abort og dei sosiale problema rundt kvinna vert representerte på, fører til eit fokus som gjer det lettare å lesa empatisk, og difor meir ope.

Då denne romanen kom ut, hadde han ein klar relevans og tilknyting til samtidia si. Ein av Keen sine hypotesar går ut på at «Readers' empathy for situations depicted in fiction may be enhanced by chance relevance to particular historical, economic, cultural, or social circumstances» (ibid, s.81). Abortperspektivet i boka vekte stor reaksjon og mange kjensler

då, som me såg av resepsjonen, og gjorde det igjen 20 år seinare, då boka vart brukt i kvinnefrigjerings-kampen på 70-talet. Engasjementet og den følte relevansen auka nok for lesarar av boka på desse tidspunktta, korleis vil det vera i dag? Rettane og moglekeitene når det gjeld reproduksjon og abort i dag, er veldig annleis enn dei var ved dei tidlegare nemnde tidspunktta. Likevel dukkar det opp «aldri mer strikkepinner»-skilt ved nye demonstrasjonar i samanheng med utfordring av abort-paragrafane, som det har vore debatt om fleire gongar dei siste åra. Å lesa denne boka i eit slikt konfliktklima, kan auka empatikjensla, også fordi ein sannsynlegvis er meir innstilt på det på førehand. Dette viser korleis samspelet mellom litteratur og tida ho vert lesen i, og korleis ulike aspekt også kan vera relevante og bidra til empatiutvikling, meir i ei samtid enn ei anna. Eit eksempel på det er neste analysedel, overgrep og «slut-shaming», som er sett på dagsorden i vår samtid, og som difor har store mogleheter til å bidra til empatiutvikling, mykje på grunn av si sannsynlege tilknyting til leseren sine erfaringar eller omstende.

5.3.3 Overgrep, «slutshaming» og sladder

Scena eg skal ta føre meg no, er ikkje ein veldig stor del av romanen, men ho er viktig både som eit slags vendepunkt for karakterar og handling, og for elevar i samtida vår. Det gjeld scena der kvinna går på dans på ungdomshuset og vil sleppa seg laus ein kveld, for å flykta frå einsemda og det vanskelege forholdet til Johannes. Dette er ei av scenene mannen i rammeforteljinga fysisk og synleg reagerer på, som nemnt i første delen av analysen.

Delkapittelet det skjer i, startar med skildringane av kva type jantelovs-«by» Gruben er, slik me kan sjå i andre delen av analysen. Kvinna går på dans, sjølv om dette er noko ho ikkje skal gjera, basert på byen sine forventingar til henne. Ho gjer det likevel, er einsam og kald innvendig, men vil forsøka å sleppa å ha det vondt ei stund og vil kvila seg frå smarta. Dei andre jentene vil helst berre dansa med gutane, men er også med dei på meir, viss det gjer at gutane er med inn og dei får ha det kjekt ei stund. Kvinna skildrar det som at «Det andre, det – ugreie – det kommer bare av at de vil ha litt moro, det kommer etterpå. De vil det ikke selv, som oftest. Det bare blir slik» (Nedreaas, 2006, s.46). Ho ville sjølv gjerne ha gått heim, viss ho ikkje var så livredd einsemda igjen.

Ho endar opp med å dansa med ein ung sjømann, fordi han verkar å lika henne, og ho saknar å vera likt. Slik ho tidlegare tenkte at lukka måtte vera fråvær av vondt, prøver ho nå å døyva einsemda og det vonde med folk, alkohol og nærvær, og tenkjer at skjønnheita må vera i glede. «Men innerst inne i meg, du. Innerst inne, der satt virkeligheten og frøs. Langt, langt

inni meg. Og jeg sang høyere og smilte villigere og lot gutten klemme meg for ikke å merke dette her inni meg.» (ibid, s.48). Det hjelpte altså ikkje like mykje som ho hadde håpa, og pena venta og gleda var vill og ville kvela henne. Dei to går frå huset saman, og så lenge dei er på vegen, liker ho det, og ho vil dei skal kjæla, men ho gjer seg også til for å skjula nervositeten. Han spør om dei skal gå innover i skogen, kanskje same skogen ho forførte Johannes i, og ho har med ein gong ikkje lyst lenger, men nikkar likevel og frys av angst innvendig. «ja, han kan få kysse meg, og jeg skal kysse ham igjen så lenge at jeg kanskje liker der. Men ikke mer. Ikke mer enn det. Han skjønner sikkert når jeg ikke vil.» (ibid, s.50). Ho tenkjer også det kan vera godt om nokon kan verta glad i henne, men det går fort i knas. Han vert vond når ho motset seg, og det vert berre slåsting, men han får i alle fall ikkje gjennomført det han er ute etter.

Denne episoden set fingeren på eit kjent og stort problem i samtida vår, nemleg det med samtykke og sexpress blant unge. Handlinga her kan vera sett til over 80 år sidan, men det er mykje same problematikken. Det dukkar stadig opp historier, kronikkar og tips for å unngå å verta valdteken eller trakassert, og det skjer haldningsarbeid i organisasjonar og skule. Likevel har skjønnlitteraturen, og spesifikt denne romanen i dette tilfellet, eiunik moglegheit til å ta lesaren med inn i problemet. Utan dei beskyttande veggene som kan hindra andre inntrykk, kan lesaren oppleva det og reagera utan å vera redd for handling, men det kan endra korleis ein vil handla når noko skjer i verkelegheita. Gjennom at ein får sett dette skje med nokon som kunne vore ein sjølv, både med tanke på alder og situasjon, vil ein kunna gjera endringar som speglar dette i førestillingane sine.

Det kan vera vanskeleg å dømma kva som skjer rundt ein, og ein kan fort normalisera eller bagatellisera det og tenkja at det er slikt som skjer, eller at det berre er slik det er i miljøet. Å lesa om denne hendinga når det skjer med kvinna, som ein gjennom fleire sider har byrja å føla for og med, kan det skapa større forståing for situasjonar både ein sjølv og andre hamnar i. Samtykke er eit vanskeleg tema, ettersom det kan endra seg så fort, og kropp og hovud kan seia ulike ting. Her får ein, gjennom kvinna, mogleheta til å få internalisert og reflektert over potensielle grunnar til dette. Jamfør Keen sin teori om negative kjensletilstandar, kan ein tenkja seg at dei fleste elevar lettare vil kjenna empati for kvinna og situasjonen, ettersom ho uttrykkjer både angst, einsemnd, smerte og fortviling i samanheng både med situasjonen som heilskap og det spesifikke augeblikket. I tillegg er utryggleik til ein annan person sannsynlegvis noko mange har kjent på. Dette kan også kan vekka situasjonell empati, som handlar meir om ei gjenkjennung av tidlegare erfaringar enn å setja seg inn i ein situasjon og

utvida sitt eige syn. Denne forma for empati er altså mindre «nyttig» til seinare opplevingar, ettersom det er ei anerkjenning av seg sjølv meir enn den andre.

Kvinna fortel at den little gleda i dansen på ungdomshuset måtte ho betala dyrt for, noko som nok både referer til overgrepet, men også til konsekvensane det fekk for forholdet til Johannes. Han bruker kontakten hennar med guten som grunnlag for at dei ikkje kan vera saman sånn skikkeleg, ettersom ho no har därleg(are) rykte på seg. Sladderet går i byen, og guten ho var saman med med der oppe, verkar å ha vrengt historia slik at ho vert dregen gjennom søla, med store konsekvensar. Johannes er kald og helsar så vidt neste gong dei møtest, og seier «Jeg vet alt om deg nå. Det er slutt» (ibid, s.88). Ho forstår ikkje, og oppsøker då Johannes noko seinare, og får då vita at det handlar om hendinga ved ungdomshuset:

han smilte, et ondt smil, og han var ikke sjalu og sint og lei seg, men bare full av forakt. Ja, så kunne han fortelle meg da, at han hadde skjønt hele tiden hva for slags menneske jeg var, for jeg var jo villig med ham fra første gangen i skogen vet du, den aller første gangen. (ibid, s.96)

Johannes sin reaksjon før dette, når han berre er kald og seier det er slutt, vitnar om at det nok gøymer seg nokre kjensler i han, også, og at han kjenner seg forrådt. Likevel tek han den lette utvegen når han bruker det som grunn til at dei ikkje kan vera i lag på ekte, på grunn av ryktet hennar. Då kvinna kjem til han litt etter, seier Johannes «Vi var jo gode venner, ikke sant? Men ikke noe mer...» (ibid, s.104) etter dei igjen har hatt sex. Dette er dagen ho kjem til han for å fortelja at ho er gravid, så dette treffer ekstra hardt. Kvinna fortel kva han seier vidare:

Han nevnte det der andre, vet du, det oppe i Gruben, - han var ikke sint og hadde jo ikke noe med at jeg gjerne ville more meg. Men det var et lite sted, og jeg hadde dårlig ord på meg, jeg måtte forstå det at han som lærer på realskolen og så videre... Han kunne ikke tenkt seg at jeg tok meg så nær av dette, og det var nå urimelig av meg også, for han hadde ikke gitt meg noen grunn til å ta dette forholdet vårt så høytidelig, sa han. Vi måtte kunne ha det hyggelig sammen uten at jeg ble hysterisk av det, mente han. (ibid, s.104)

Slik er denne hendinga ein viktig del av utviklinga i forholdet deira, fordi det viser kor lett Johannes bukkar under for brypisset og høge draumar, og kor lett det er for ei kvinne å hamna i därleg vêr. Seinare, når kvinna er utru mot mannen sin, Carl, med Johannes, er det også ho som er til spott og spe i byen. Johannes har vore utru mot kona si i fleire år på det tidspunktet, men på grunn av hans stilling og kjønn, sannsynlegvis, var det slik det var: «Det hadde kommet opp der i byen, og alle unnskyldte Johannes, for jeg hadde lagt meg etter ham bestandig» (ibid, s.195). Her er nok lesaren sin frustrasjon over dobbeltmoralen til Johannes og samfunnet, og ei kjensle av urettferd overfor kvinna, ein stor grunn til empatiutvikling. I

tillegg er Keen sin hypotese om korleis «...novel reading may participate in the socialization and moral internalization required for transmutation of empathic guilt into prosocial action.» (Keen, 2010, s.92) viktig. Når ein les om både kor mykje eit rykte kan ha å seia for ein person sitt liv, og ser på kor dømmande og dobbeltmoralsk eit samfunn kan vera mot berre visse personar, kan det også gjera ein meir observant om liknande praksistar i eiga samtid og i eigen kvar dag. I tillegg kan det gjera at ein vert meir bevisst på kva ein seier om og til andre. Ein har ikkje tilgang til andre sine indre liv i verkelegheita, så ved å utnytta moglegheita til å sjå og bry seg om eit menneske som opplever noko slikt, kan ein bruka det når ein treng det i verkelegheita.

Til begge desse aspekta ved romanen, er det relevant å ta i bruk Langer sitt tredje førestillingsstadium, for å visa kva slags følgjer det kan ha å lesa om desse to. Om ein veit mykje om nokre av temaa på førehand eller ikkje, kjenner nokon med erfaring eller har erfart noko sjølv, vil ein likevel ha ei førestillingsverd som kan endrast. Ved å lesa om abortsituasjonar som er uhøyrde i dag, men som likevel har mykje relevans i overført tyding, kan lesaren få ei djupare forståing av kvifor det kan vera vanskelege val å ta, og at det ikkje er eit lett svar. Når ein kjem ut av tekstuverda, og revurderer det ein kan, vil dette også sannsynlegvis påverka den subjektive erfaringa eins. Då har ein også betre grunnlag for å sjå ei sak frå fleire sider, og gjera seg opp ei mening. Engasjement og mening kan ikkje vera objektivt, ettersom innlevinga i stor grad kjem frå den subjektive erfaringa. Også når det gjeld situasjonen med overgrep, «slutshaming» og sladder, er det viktig å kunna tre ut av teksten og sjå korleis ein kan betra responsen sin og haldninga si til andre, ved å bruka den subjektive erfaringa og endringane i førestillingar ein har gjort seg. Ved å gjera dette, kan empatien ein kjenner føra til prososial handling, ved at ein kjem over sperrene og fiksionsaspektet. Dette kan ein bruka til å gjera endringar i eigne handlingar og tankar, som slik kan koma både seg sjølv og andre til gode i seinare situasjonar.

6.0 Kvifor viktig i skulen og norskfaget

Innleiingsvis i teorikapittelet presenterte eg kva dei to tverrfaglege tema, som eg har valt ut frå den nye overordna delen i fagfornyinga, handlar om, generelt og i norskfaget. No vil eg drøfta desse to delane inn mot empatiutvikling og romanen, og sjå korleis dette kan realisera ambisjonane som ligg i tema sin relevans for skulen. Før dette skal eg kort drøfta kjensler som grunnleggjande ferdighet i skulen, i samanheng med litteratur om vanskelege tema.

6.1 Kjensler som grunnleggjande ferdighet

Kjensler er ikkje foreløpig rekna som ei grunnleggjande ferdighet i skulen. Eg meiner likevel at dei tverrfaglege tema kan vera eit steg i rett retning. Kjensler er jo verken fagspesifikke eller nødvendigvis knytte til visse tema eller kompetanse mål. Likevel er kjensler og slik også relasjonar ein grunnleggjande del av både det å samhandla med andre og det å utvikla haldningar, som begge er viktige aspekt i Opplæringslova. Her er det relevant å knyta opp ein av dei tidlegare nemnde hypotesane til Keen, om korleis «...novel reading may participate in the socialization and moral internalization required for transmutation of empathic guilt into prosocial action. » (Keen, 2010 s.92). Viss ein ser på dei negative kjensletilstandane, som i større grad oppfordrar til empati, er det viktig å vera bevisst på kva tilstand andre er i, og korleis ein sjølv påverkar dette. Einsemrd, sorg og fortviling over mobbing for eksempel, kan vera kjensletilstandar som ein ikkje sjølv nødvendigvis har tenkt over at ein har påført andre, men som ein kan forstå betre gjennom å lesa om liknande situasjonar eller kjensler andre har kjent på. Dette kan då føra til at ein opplever ei skuldkjensle som kan verta gjort om til prososial handling berre på den måten.

6.2 Folkehelse og livsmeistring

Korleis bidreg ei empatisk lesing av *Av måneskinn gror det ingenting* til å realisera folkehelse og livsmeistring som tverrfagleg tema i norskfaget? Det er mange svar på dette, men eg vil trekkja fram menneskeleggjering, verdival og handtering av sterke tankar og kjensler som fokusområde.

Nussbaum tek føre seg oppsedinga til samfunnsborgaren, og ser då på fleire aspekt og problematikk knytt til ungdom og livsmeistring. «Når ungdom nærmer seg voksenlivet, blir påvirkningen fra kulturen omgir dem, sterkere. Normer for hva det innebærer å være en voksen (en god mann, en god kvinne) har stor innflytelse på denne utviklingsprosessen.» (Nussbaum, 2016, s. 204). Ho skildrar vanskane dette kan få, spesielt for gutter/menn, ettersom det er endå fastare rammer for korleis ein mann skal vera, oppføra seg og (ikkje)

føla, sjølv om dei også kan oppleva at dei «verken har kontroll over mine følelser eller min egen kropp...» (ibid, s.205). Dette seier noko om korleis det er å utvikla seg blant mange påverknader, der folk og media fortel deg korleis du skal vera og kva du har lov til å føla. Gjennom *Av måneskinn gror det ingenting* kan ein oppleva ein karakter på same alder som ein sjølv, som opplever så mykje motgang og vondt, men som likevel reiser seg og fortset å føla sterkt og utfordra samfunnet. Kvinna har, som tidlegare nemnt, mange trekk og handlingar som ikkje nødvendigvis er så lure, men som viser kor lett det er å gjera feil.

I løpet av skulegangen, men kanskje spesielt på vidaregåande, vert ein presentert for fleire val og problemstillingar, ettersom ein snart skal ut i samfunnet på eiga hand, kunna stemma og delta i fellesskapet. Slik er verdival viktige, og baserer seg på at ein kan sjå saker frå begge sider og bruka både subjektiv og objektiv erfaring. I denne romanen møter ein fleire etiske problemstillingar, som kan hjelpe å setja i gang tankeprosessar om kor ein vil stilla seg. Både abort, utruskap og religiøse tankar er viktige aspekt i romanen, og omstridde tema utanføre romanen. Sjølv om ein ikkje skal bruka ein enkelt roman til å basera viktige val på, er det viktig med den skjønnlitterære inngangen, slik at ein får moglegheita til å gå nokre mil i nokon sine sko, nokon ein kanskje aldri trudde ein skulle kunna ha forståing for.

Ungdomstida er fulle av hormon og endringar, og ein kan lett trekkja linja frå dette til korleis det kan vera vanskeleg å handtera sterke kjensler og tankar. Gjennom denne boka kan ein sjå eksempel på kjensler som er for mykje, og fråværet av dei, og korleis begge deler kan skapa sine problem, men også har sine grunnar. Det er viktig å utsetja seg for det andre føler, både for å utvikla eigne kjensler, og for å få betre forståing for andre sine. Denne romanen kan hjelpe til betre handtering av eigne kjensler, både gjennom opplæringa av kjensler i rammeforteljinga og eksponeringa av desse elles i boka. Nussbaum understreker kor viktig det er at barn (og vidareført ungdom) « ...lærer å leve seg inn i hvordan allmenne menneskelige svakheter oppleves i det store spekteret av sosiale forutsetninger hos forskjellige mennesker, og å forstå hvordan sosiale og politiske ordninger har betydning for den sårbarheten som er felles for alle mennesker.» (ibid, s. 205).

6.3 Demokrati og medborgarskap

Korleis bidreg ei empatisk lesing av *Av måneskinn gror det ingenting* til å realisera demokrati og medborgarskap som tverrfagleg tema i norskfaget? Det er mange svar på dette, men eg vil trekka fram engasjement, bry seg om eigne og andre sine rettar og innblikk i andre menneske sine livssituasjonar og utfordringar.

Uretten ein kan sjå fleire stader i romanen, kan vera grunn nok til engasjement i seg sjølv. I tillegg er det jo omstridde tema som vert diskuterte, noko som også kan føra til engasjement. Det er viktig å tenkja på korleis ein kan lyfta saker med engasjementet sitt, og at det er viktig å utforska kva ein vil meina, i staden for å fylgja straumen. Ved å bry seg om eigne og andre sine rettar, har nokon som treng det, kanskje ein ekstra person på sitt lag. Det er viktig for elevar å sjå korleis ein kan vera med på å gjera ein forskjell, om det er på politisk eller samfunnsmessig nivå, eller for enkeltpersonar. Ved å vera ein god og forståingsfull lyttar, kan ein bidra til at nokon lettare og tryggare kan snakka om abort, utruskap eller overgrep, og ta gjennomtenkte val i samanheng med det. Det handlar også om å tenkja støtte heller enn fordømming. Nussbaum skriv at «I verdensborgerens syn understrekkes det at alle borgere i et samfunn må forstå de forskjellene de må leve med; en samfunnsborger er en som tenker over og prøver å forstå andre på tvers av forskjellene.» (2016, s.55)

Det er viktig at litteratur kan «...føre oss inn i et annet menneskes liv mens vi samtidig fortsetter å være oss selv.» (ibid, s.56). Gjennom dette vert både djuptgripande ulikskapar og likskapar mellom tankar, liv og kjensler hjå det andre mennesket og seg sjølv avdekte. Dette gjer at ein lettare kan oppnå ei forståing av den andre (ibid, s.56). I samanheng med romanen, er me med mannen i rammeforteljinga medan han er ein oppmerksam lyttar, og me lærer av måtane han reagerer på. Slik utviklar me førestillingsverda vår, samtidig som me er oss sjølve.

Det er også viktig i eit samfunn at eit lèt seg sjølv, og meiningar ein sjølv og andre har, verta utfordra. Nussbaum skriv at

En av kunstens viktigste roller er å utfordre konvensjonelle sannheter og verdier.
Én måte litterære verker påtar seg denne sokratiske oppgaven er å be oss møte – og for en stakket stund være – mennesker vi stort helst vil unngå å treffe. Det å være støtende er i seg selv overhodet ikke et tegn på litterær kvalitet, men det at et verk er støtende kan være en del av dets samfunnsmessige verdi. (ibid, s.42)

Det er mange menneske ein ikkje ser føre seg å ha ein samtale med, og mange menneske ein nok ønskjer ein aldri kjem til å møta. Uansett kor open ein er, har ein oftast nokre fordommar som fargar korleis ein ser på andre. Gjennom skjønnlitteraturen kan ein oppnå ei betre forståing av menneske som ein ikkje trudde ein ville eller kunne forstå.

Eg vil gjerne også drøfta dei to temaa litt saman, ettersom linjene fort kan verta litt uklare når det er snakk om å vera ein god lyttar eller samtalepartnar, ettersom det både har mykje å seia for livsmeistringa, men også handlar om å vera ein god medborgar. Nussbaum skriv at det er viktig å skapa eit grunnlag for medkjensle ved å oppøva førestillingsevna gjennom lesing av skjønnlitteratur:

for om vi ikke kan skifte hudfarge, kan vi i alle fall forestille oss hvordan det er å ha en annen hudfarge, og ved slik å komme tett på et menneske med en annen hudfarge eller annen seksuell legning, kan vi forestille oss hvordan det er for en vi bryr oss om å ha nettopp et slikt liv. (ibid, s.34)

I relasjon til romanen, og dette sitatet, er begge perspektiva som dei tverrfaglege temaa kjem med, viktige. Ved å kunna førestilla seg korleis det er for nokon ein kjenner å ha eit slikt liv, og eventuelt på denne måten få auga opp for eigne sårbarheiter, kan ein møta andre med meir forståing. Ein kan også verta meir engasjert i samfunnet gjennom den opplevinga, fordi ein ser noko som ein vil endra eller gjera noko med.

Det er viktig å sjå på forskjellen mellom det å lesa om nokon sine handlingar og tankar versus det å høyra det sjølv i verkelegheita, utan å få tilgang til noko av det indre hjå den som utfører handlinga. Det er også noko av det unike med skjønnlitteraturen. Gjennom å oppleva ein karakter sine tankar og kjensler rundt det å ta därlege val, gjera feil og eventuelt oppføra seg vanskeleg, får ein større forståing for menneske og handlingar ein potensielt ville ha fordømt heilt svart-kvitt. Nussbaum skriv:

når vi er i stand til å forestille oss hvorfor en person har handlet på en måte som vanligvis vekker en opprørt reaksjon, blir vi mindre tilbøyelige til å demonisere vedkommende og anse ham eller henne som utelukkende ond og fremmed. Selv om vi aldri vil greie å forstå handlingen fullt ut, vil bare det at vi stiller spørsmålet og forsøker å se for oss vedkommendes psykologi på samme måte som en god romanforfatter, virke som en motvekt til selvsentrert forargelse. (ibid, s.39-40)

Dette er særstakt gjennom begge perspektiva. I eit livesmeistringsperspektiv handlar det mykje om å prøva å forstå dei vala nokon tek og reaksjonane deira på urett eller anna. På denne måten ser ein på mennesket heller enn på feila, og ein kan då vurdera kva ein annan måte å visa sterke kjensler eller tankar på kan ha å seia for seg sjølv og andre. I eit medborgarperspektiv handlar det om å ikkje la nokon detta utanføre fellesskapet på grunn av feil eller handlingar, ettersom det kan ligga mykje bak. I romanen vert kvinnen dytta litt utanfor samfunnet, på grunn av rykte og det å vera annleis. Ho reagerer ikkje likt som dei andre, og dei reagerer med å dytta ut, heller enn å ta inn. Utanforskning fører ikkje med seg forståing, verken av eller frå fellesskapet, og det er både nyttig og viktig at ein ikkje lèt folk detta utanfor, men heller oppmuntrar til samhandling og medborgarskap.

7.0 Konklusjon

I denne oppgåva har eg forsøkt å svara på korleis *Av måneskinn gror det ingenting* kan bidra til empatiutvikling hjå vidaregåandeelevar, og korleis dette kan bidra til å realisera ambisjonane til to av dei nye tverrfaglege temaat frå fagfornyinga i norskfaget. Denne forskinga byggjer noko vidare på tidlegare resepsjon og Nedreaas-forsking, som har teke føre seg kor mykje kjensler det ligg i denne romanen, men med empatiperspektivet har eg søkt ei ny retning. Relevansen av oppgåva er mykje forankra i litteraturdidaktikk, og er spesielt knytt til fagfornyinga si satsing på fleire eigenskapar og haldningar som på tvers av faga skal hjelpe å danna eleven, ikkje berre utdanna. Ved å bruka Keen og Nussbaum sine teoriar og hypotesar om samanhengen mellom skjønnlitteratur og empati, har eg forsøkt å løfta fram korleis ein kan bruka skjønnlitteratur som ein inngang til vanskelege tema i skulen, og kvifor det er viktig å gjera nettopp dette. *Av måneskinn gror det ingenting* tek føre seg fleire tema som ungdom kan ha nytte av og kjennskap til i vår samtid, medan elevane også kan få innsyn i bakgrunnen til fleire aspekt ved dagens samfunn, og får moglegheita til å samanlikna desse.

Det er fleire aspekt ved denne romanen som kan bidra til empatiutvikling hjå elevar. Først og fremst er opplæringa av kjensler viktig, både gjennom måten historia vert fortalt på og ved måten kjenslene kjem til live på. Samspelet mellom mannen og kvinna i kvar si rammeforteljing bidreg til å læra lesaren å reagera på vonde og vanskelege ytringar og historier, og kan slik læra elevane å verta betre lyttarar for kvarandre. Dette kan også hjelpe til å forstå andre sine reaksjonar betre. Måten kjenslene i romanen har ei psykisk og fysisk form på, via både kulde og einsemd og varme og kjærleik, gjer også desse moglege å internalisera. Moglegheita til å identifisera seg med eit menneske som gjer feil og er relativt usympatisk, kan gjera det lettare å forstå at ein ikkje treng å vera perfekt, eller trakta etter å vera annleis enn seg sjølv. Dette er ein viktig del av temaet folkehelse og livsmeistring. Alt dette, i tillegg til å kjenna empati gjennom skjønnlitterære opplevingar, er viktig i skulen og i norskfaget. Å vera klar på kjensler som ei grunnleggjande ferdighet, viser elevane kor viktig relasjonane dei i mellom og andre medmenneskelege forhold er. Det er viktig å ha fokus på korleis det å forstå og vera open mot både seg sjølv og andre kan hjelpe ein å meistralivet betre, både fysisk og psykisk. Ved å forsøka å setja seg inn i andre sine problem og opplevingar, kan ein også forstå seg sjølv betre.

I tillegg til alle dei samfunnskritiske og empatiske opplevingane ein kan ta med seg frå denne romanen, som elev og elles, meiner eg at det viktigaste er det med å kjenna kjensler så sterkt som mogleg. Hovudpersonen endar igjen og igjen opp i føle situasjonar, og har det sjeldan godt. Samtidig ser me at ho hatar og elskar så sterkt, både Johannes, dei ufødde ungane, naturen og livet. Det ho kjenner, kjenner ho sterkare enn noko måneskin skulle tilseia.

Elevane sine meininger, haldningar og stemmer må få koma ut i dagens lys. Dette er viktig både for å oppfylla skulen sitt mandat, og ambisjonane til dei tverrfaglege temaa, men også for sjølvutviklinga til elevane. Meiningane og kjenslene deira må få vera sterke, og forankra i både subjektive og objektive erfaringar. Ein må kunna oppfordra dei til å ikkje la kjenslene og meiningsane sine vera bleike og likegyldige avspeglingsar som måneskin av sola, at ein berre meiner det dei andre meiner, og ikkje vågar seg fram. Lat kvar einaste ein av dei føla så sterkt at sjølv om dei greier å halda band på seg der det trengst, så kan dei også ta med seg dette engasjementet i skulen og livet utanføre. For det er jo livet utanføre, der dei skal vera fungerande borgarar i eit fellesskap, me førebur dei til. Både på skulen og der ute skal dei ha mellommenneskelege relasjonar, kunna lytta og setja ord på eigne meininger og kjensler.

Gjennom å lesa skjønnlitteratur om vanskelege tema, som både rystar og riv ein opp, kan ein endra både haldningar og kunnskapar, ved å få ei ny vinkling. Ein set seg sjølv i andre sin stad og tek på seg kjenslene og prøvelsane deira, om så berre for eit augeblikk. På denne måten greier ein å utvikla kjenslene i ei meir demokratisk retning, som er ein verdsborgar verdig. Ein kan verta eit danna menneske gjennom oppleving, innleiving og erfaring, og evna til å sjå føre seg andre sine liv. Å lesa denne boka, og andre skjønnlitterære inngangar til vanskelege tema, trur eg kan hjelpe til å gro gode menneskesinn og få empati til å spira, som igjen gjer oss til gode samfunnsborgarar. Men å halda seg i måneskinet derimot, vera likegyldig og kald, uengasjert og utan sterke meininger og kjensler, trur eg ikkje det gror like mykje av. Gjennom den rå og vanskelege handlinga i denne romanen, kan ein sjå kor mykje det har å seie å ha meininger og kjensler og korleis ein står opp for desse. Det å elskha og kjenna så sterkt ein berre kan, og ikkje la seg visna på grunn av fråvær av andre sine kjensler, men heller finna styrke i sine eigne kjensler, er også enormt viktig. Det kan vera med å danna framtida sine borgarar, med opne haldningar, forståing, kjensler og undring som grunnlag. Dette er varmt jordsmonn som det kan gro menneskesinn av.

8.0 Litteraturliste

- Alsvik, O. M. (1948, 16.mars). En krass roman. *Drammens tidene*, s. 7.
- Andersen, P. T. (2019). *Forstå fortellinger: Innføring i litterær analyse*: Universitetsforlaget.
- Gabrielsen, I. L. (2019). "Virkemidler er det vi bruker for å oppnå sjangertrekkene". *Norsklæraren*, 43(4), 28-36.
- Gjesdahl, P. (1947, 19.desember). Et nytt stykke virkelighet. *Arbeiderbladet*.
- Hamre, P. (2017). Norskfaget som reiskaps- og danningsfag. In B. Fondevik & P. Hamre (Eds.), *Norsk som reiskaps- og danningsfag* (pp. 13-37). Oslo: Den Norske Samlaget
- Hausvik, L.R. (2020). Hva skal vi med skjønnlitteraturen i norskfaget?. *Norsklæraren*, 44(1), 12-15.
- Iversen, I. (2003). Torborg Nedreaas' stemmer. In G. S. Liestøl, Bjarne Solum, Ove (Ed.), *Mellom mediene: Helge Rønning 60 år* (pp. 93-103): Unipub forlag.
- Jahr, I. (1997). *Samfunnskritikk og moralisering*. Oslo: Novus forlag.
- Keen, S. (2010). *Empathy and the Novel*: Oxford University Press.
- Keen, S. (2017). Narrative Empathy. In J. Rivkin & M. Ryan (Eds.), *Literary theory: an anthology* (3 ed., pp. 1284-1302): WILEY Blackwell.
- Kunnskapsdepartementet. (2020a). Overordnet del: *Demokrati og medborgerskap*. Henta frå <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/prinsipper-for-laring-utvikling-og-danning/tverrfaglige-temaer/demokrati-og-medborgerskap/>
- Kunnskapsdepartementet. (2020b). Overordnet del: *Folkehelse og livsmestring*. Henta frå <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/prinsipper-for-laring-utvikling-og-danning/tverrfaglige-temaer/folkehelse-og-livsmestring/>
- Kunnskapsdepartementet. (2020c). *Overordnet del: Tverrfaglige temaer*. Henta frå <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/prinsipper-for-laring-utvikling-og-danning/tverrfaglige-temaer/>
- Langer, J. A. (2011). *Envisioning literature* (2nd ed.). New York: Teachers' College Press.
- Moi, T. (2020, 31.juli). Kjærlighetstortur. *Morgenbladet*. Henta frå <https://morgenbladet.no/>

- Nedreaas, T. (2006). *Av måneskinn gror det ingenting*: Aschehoug.
- Nussbaum, M. C. (2016). *Litteraturens etikk*: Pax.
- Opplæringslova. (1998). *Lov om grunnskolen og den vidaregående opplæringa (opplæringslova)*. (LOV-1998-07-17-61). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>
- Rønnow, E. (1948, 2.januar). For dette vil vi slåss. *Friheten*, p. 5.
- Skaftun, A. (2009). *Litteraturens nytteverdi*: Fagbokforlaget
- Svensen, Å. (2007). De ti sannheter: Mangfold og motsetninger i Torborg Nedreaas' litterære verden: Fagbokforlaget.
- Syéd, G. F. (2020, 4.september). Bryter med Mois feminism. *Morgenbladet*. Henta frå <https://morgenbladet.no/>
- Torp, A. (2020). Litteraturens plass i norskfaget. *Norskklæraren*, 44(1), 16-20.
- Utdanningsdirektoratet. (2020a). *Fagets relevans og sentrale verdier*. Henta frå <https://www.udir.no/lk20/nor01-06/om-faget/fagets-relevans-og-verdier>
- Utdanningsdirektoratet. (2020b). *Kjerneelementer*. Henta frå <https://www.udir.no/lk20/nor01-06/om-faget/kjerneelementer>
- Utdanningsdirektoratet. (2013). *Læreplan i norsk (NOR1-05)*. Henta frå <http://data.udir.no/kl06/NOR1-05.pdf>
- Utdanningsdirektoratet. (2020c). *Læreplan i norsk. (NOR01-06)*. Henta frå <https://data.udir.no/kl06/v201906/laereplaner-lk20/NOR01-06.pdf>
- Westgård, M. K. M. (2019). Skjønnlitteraturen som kraft i norskfaget. *Syn og segn*, 125(2), 100-105.
- Aase, L. (2005). Norskfagets danningspotensial i fortid og samtid. In A. J. N. Aasen, Sture (Ed.), *Det nye norskfaget* (pp. 35-47): Fagbokforlaget.

Relevans for lektoryrket

Med tanke på at utgangspunktet og formålet med denne oppgåva i stor grad er knytt til skulen, er det jo ein relativt openberr relevans berre i det. Det er likevel nokre aspekt som eg vil trekkja fram litt ekstra. Eg kjem til å vera lærar i norsk, historie/samfunnsfag, religion og teiknspråk, når eg er ferdig på NTNU. Det er i desse faga eit stort spenn i læringsmål og læremåtar, men dei nye overordna tverrfaglege temaa i skulen, gjeld jo i alle desse faga. I denne oppgåva har eg hatt størst fokus på to av dei tre, nemleg demokrati og medborgarskap og folkehelse og livsmeistring. Gjennom arbeidet med masteren har eg sett måtar å bruka dette som ein slags inngang til faga, som eit grunnlag for vala ein tek og kva verdiar og eigenskapar ein set pris på ved elevane sine. Her har eg arbeidd med det i samanheng med norskfaget, og knytt det til skjønnlitteratur og det å kjenna seg igjen i andre sine livssituasjonar. Slik kan ein ta med seg ny forståing til å verta ein betre lyttar, medelev og takla utfordringar betre. Ettersom dette er eit viktig danningsperspektivet også, er det nyttig i fleire fag. I tillegg vil kjensler som ei grunnleggjande ferdighet vera ei god kopling til desse overordna temaa, og skulen generelt.

Eg vil gjerne tenkja på den ferdigheita som grunntanke i heile lektorkvardagen. På denne måten kan ein laga undervisninga og klasserommet trygt og utfordrande for at elevar skal få utforska og utfolda engasjementet sitt og relasjonane med medelevar og samfunnet elles. Kjensler og engasjement for andre menneske og fagstoffet, både i klasserommet og uti verda, er viktig i alle fag. Det er også sentralt i alle fag å kunna sjå ei sak frå fleire sider, og å kunna utvikla eigne meningar gjennom både objektive og subjektive perspektiv. Fleire opplever gruppepress på skulen, anten det gjeld press om å gjera noko ein ikkje nødvendigvis vil, eller å ha same mening som «resten». Her trur eg både skjønnlitteratur og det å oppfordra til eigne kjensler og meningar kan hjelpa til at ein får stått opp for saka si, og at ein kan utvikla den meininga i samspel med andre.

I arbeidet med denne masteroppgåva har eg også fått fleire perspektiv på arbeidet med å velja ut kva skjønnlitteratur ein skal lesa, og korleis, i norskfaget. Ved å verta konfrontert med spenningane som finst når det gjeld litteraturval, både om mengde, lengde og nytte, har eg fått utfordra meg på dei framtidige vala eg sjølv må ta på dette området.

